

NISSEDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING 2022

Innhald:

Årsberetning

1	Innleiing	s. 3
2	Organisering av kommunen (politisk og administrativ).....	s. 4
2.1	Organisasjonskart	s. 4
2.2	Politisk organisering	s. 5
2.3	Administrativ organisering	s. 5
2.4	Interkommunalt samarbeid	s. 5
3.	Investeringsrekneskapan	s. 7
4.	Driftsrekneskapan	s.11
5	Balansen	s.16
5.1	Gjeld.....	s.16
5.2	Arbeidskapital	s.17
5.3	Utestående fordringar	s.17
5.4	Fond	s.17
6.	Rapport - Finansforvaltning.....	s.18
7.	Likestilling	s.19
7.1	Kjønnsfordeling	s.19
7.2	Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid	s.19
7.3	Lønsnivå	s.20
7.4	Stillingsbrøk	s.21
7.5	Vidareutdanning – kompetanseheving	s.21
7.6	Etnisitet og nedsett funksjonsevne	s.21
8.	Fråvær	s.22
9.	Etisk standard	s.22
10.	Årsverk og lønsnivå	s.22
11.	Vurdering av økonomisk situasjon/utvikling.....	s.23
12.	Aktivitetsnivået på utvalde område	s.24

Handlingsprogram – rapportering

13.	Visjon (kapittelet er henta frå kommuneplanen)	s.25
14.	Hovudmål (jf. kommuneplanen)	s.26
15.	Handlingsdelen - Måloppnåing og gjennomføring av tiltak	s.28
15.1.	Sentral leiing.....	s.28
15.1.1	Fellestenesta	s.30
15.1.2	Interkommunale samarbeid	s.31
15.2.	Eining for oppvekst og kultur	s.36
15.2.1	Heile eininga	s.36
15.2.2	Grunnskule og SFO.....	s.37
15.2.3.	Barnehage	s.41
15.2.4.	Kultur	s.44
15.2.5	Vaksenopplæring	s.46
15.3.	Eining for velferd	s.50
15.3.1	Heile eininga	s.50
15.3.2	Institusjonsbaserte omsorgstenester	s.52
15.3.3	Heimebaserte omsorgstenester	s.53
15.3.4	Helsetenester	s.54
15.3.5.	Habilitering og aktivisering	s.55
15.4.	Eining for teknisk drift	s.57
15.4.1	Heile eininga	s.58
15.4.2.	Kommunale bygg	s.59
15.4.3	Kommunale grøntanlegg	s.60
15.4.4.	Samferdsel (vegar, planar og Fjoneferga)	s.61
15.4.5	Brann og ulykkeberedskap	s.62
15.4.6	Vatn og kloakk	s.63
15.5	Plan og næring	s.67
15.5.1	Administrasjon og plan	s.67
15.5.2	Kart og oppmåling	s.68
15.5.3	Byggesak	s.69
15.5.4	Næringsutvikling	s.69
15.5.5	Arealbaserte kulturaktiviteter	s.70

1. Innleiing

Opphavleg budsjett for 2022 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 1,3 mill. (-0,6%) Dette var langt unna nasjonal målsetning om eit positivt netto driftsresultat på 1,75%. Det var budsjettert med bruk av felles buffer på 0,4 mill. Litt enkelt oppsummert kan ein seie at driftsnivå i opphavsleg budsjett var høgare enn inntektsgrunnlaget gav grunnlag for. Rekneskapen for 2022 er gjort opp med netto driftsresultat på 1 mill. (0,38%). Avsetning til felles buffer blei 5,3 mill., som er 3,2 mill. meir enn budsjett. Bakgrunn for at netto driftsresultat i rekneskapen totalt sett ikkje er betre når det er grunnlag for å avsette 5,3 mill. til disposisjonsfond, er i hovudsak forklara av behov for bruk av fond på VA på over 4 mill.

Nissedal hadde i ein lengre periode fram til 2017, ein positiv auke i folketalet, med ein topp i innbyggartalet 30.06.17 med 1.495 innbyggjarar. Sidan har innbyggartalet fram til og med 2021 gått noko nedover. 31.12.22 var innbyggartalet 1.442 som er ein oppgang på 28 personar sidan 31.12.21. Dette utgjer ein auke i folketalet på 1,98%. I løpet av 2022 er det busett 29 flykningar i kommunen. Auken på 28 innbyggjarar skuldast i sin heilhet netto tilflytting då fødselsover-/underskot er 0.


Også i 2022 (primært første halvår) har pandemien satt sitt preg på både drift og økonomi til kommunen. Dei første månadene av året var det mykje fråvær knyt til pandemi og kommunen gjekk inn på ein eigen avtale for kompensasjon for overtid for å sikre forsvarleg bemanning. Dette gav store ekstrautgifter, som kommunen til slutt fekk dekka gjennom skjønnsmidlar frå Staten.

Sommaren 2022 var det ein større skogbrann i området rundt Jettegrytene. På bakgrunn av sterk vind vara brannen i 11 dagar og det blei rekvirert bistand frå fleire brannvesen i nabokommunar, i tillegg til helikopterbistand. Bistand frå andre kommunar må «vertskommunen» dekke. Totalt kosta brannen omlag 3,1 mill. Av dette fekk kommunen refundert 2,8 mill. i skjønnsmidlar.

Nissedal kommune har hatt som mål å få det legemeldte sjukefråværet under 5%. I 2022 blei det totale fråværet 8,75%. Dette var ein auke på 0,96 prosentpoeng i høve til 2021. Med tanke på at 2021 var eit heilt «korona-år» og det var lite korona-smitte i andre halvår 2022 kunne ein i utgangspunktet tru at veksten i sjukefråvær i liten grad forklarast med pandemi. Men ein kan ikkje sjå bort i frå at pandemien har gitt ulike langtidseffektar som har påverka sjukefråværet også i 2. halvår. Sjukefråværet i 2022 fordelte seg med 2,48% korttidsfråvær (u. 16 dagar) og 6,27% langtidsfråvær. Veksten i fråvær har med andre ord kome på korttidsfråværet. Eining for oppvekst og kultur er den eininga med høgast fråvær i 2022 (10,53%). Deretter fylgjer felles med 8,95%, velferd med 8,01%, teknisk med 6,26% og plan/næring med 3,09%. Jf. SSB sine tal på nasjonalt nivå var fråværet innan undervisning 5,9% og innan helse- og sosialtenester 8,4% i 2022. Nærare kommentarar kring sjukefråvær kjem under kvar eining.

2. Organisering av kommunen (politisk og administrativt)

2.1 Organisasjonskart



2.2 Politisk organisering

Formannskapet har funksjon som eit "driftsstyre", og har møter ca. kvar 3.-4. veke. Meir prinsipielle saker og saker av litt "tyngde" skal handsamast av kommunestyret. Saker som ikkje er knyt til plan, næring og økonomi skal i prinsippet handsamast direkte i kommunestyret, utan å gå vegen om formannskapet. Kommunestyret hadde 7 møte og formannskapet hadde 12 møte i 2022.

2.3 Administrativ organisering

Nissedal kommune er organisert i 3 driftseiningar og stab-/støttefunksjonar. Kommunedirektøren si leiargruppe består i tillegg til han sjølv, 3 einingsleiarar (Oppvekst og kultur, Velferd, Teknisk), kommunalsjef plan/næring, kommunalsjef økonomi og kommunalsjef samfunn/utvikling.

Eining for oppvekst og kultur omfattar grunnskuleundervisning, sfo-tilbod og vaksenopplæring, kommunale barnehagar og ev. oppfylging av private barnehagar, musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom, ungdomsrådet, vaksenopplæring og flyktningar.

Eining for velferd omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp, tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, barnevern, dagsenter og psykiatri, kontor for sakshandsaming etter Helse- og omsorgslova.

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

Plan og næring omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Næringsarbeid for Nissedal ligg og til plan og næring.

Under fellestenesta ligg ulike administrative oppgåver innan økonomi/løn, personal, post/arkiv, resepsjon. I tillegg ulike interkommunale samarbeid som løn, landbrukskontor, NAV og barnevern.

2.4 Interkommunalt samarbeid m.m.

Kommunen deltek i ei rekke samarbeid med andre kommunar om tenesteyting. både i form av egne selskap (IKS) og gjennom samarbeidsavtalar.

Interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (§ 27)

- Renovasjon vert utført av IATA (IKS). Deltakande kommunar er Nissedal, Drangedal, Nome og Åmli.
- Alle kommunane i Vest-Telemark samarbeider om førebyggjande brannvern i eige IKS
- Vest-Telemarkrådet (§ 27 selskap)
- Vestfold, og Telemark kommunerevisjon IKS
- Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS
- IKA Kongsberg IKS
- Vest-Telemark PPT IKS.

Samarbeidsavtaler

- Nissedal og Kviteseid kommunar har eit utstrakt fagleg samarbeid. Plankontoret i Nissedal utfører bygningskontroll, oppmåling og arealplanlegging for begge kommunane. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune fører løn/rekneskap for Kviteseid kommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles NAV-kontor, med Tokke som vertskommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles Barnevern med Kviteseid som vertskommune
- Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt.
- Nissedal kommune har ei rekke samarbeidsavtaler med STHF i samband med Samhandlingsreforma. Desse avtalane tek vare på Nissedal sitt behov for sjukehusstenester frå SSHF.
- Nissedal kommune deltek i eit innkjøpssamarbeid.
- Nissedal kommune samarbeider med Drangedal kommune om VA-anlegg på Gautefallheia.
- Felles psykologteneste saman med med 5 av kommunane i Vest-Telemark, med Seljord som vertskommune.

3. Investeringsrekneskapet (jf. bevilgningsoversikt og note 18)

Investeringsrekneskapet er også i 2022 prega av høg aktivitet, då særleg innan VA-sektoren.

I opphavleg budsjett var det lagt inn sum investeringar varige driftsmidlar med totalt 52,2 mill. Dette blei justert opp i løpet av året til 57,4 mill. Rekneskapen gav investeringar i varige driftsmidlar på 65 mill. Eit avvik på omlag 13%. Det meste av avviket skuldast at progresjonen på fleire prosjekt blei raskare/høgare enn kva ein la til grunn ved vedtak av 2. tertial og justeringssak i desember. Av totale investeringar i varige driftsmidlar på 65 mill. var 54,5 mill. knyt til investeringar innan VA.

Bruk av lån i 2022 var 34,5 mill. (Bruk av lån til vidareutlån er då halde utafor). Sett opp mot sum investeringsutgifter på 65,5 mill. gir dette at 53% av investeringane i 2022 var finansiert med lån. Dette gir ikkje eit heilt realistisk bilete av finansieringa av investeringar til kommunen. Dersom ein held anleggsbidragsavtaler og refusjon frå Drangedal i høve til fellesprosjekt med dei, er nok lånefinansieringsgrad av investeringar nær 100%.

Gjennom året er investeringsbudsjettet justert ved tertialkontrollane, ei justering i desembermøte i kommunestyret og nokre enkeltvedtak gjennom året.

Status på investeringsprosjekta går fram av note 18 i rekneskapen, s. 34, der det går fram eventuelle avvik i høve til prosjektkostnad og budsjett 2022. Under følgjer kommentarar til kvart investeringsprosjekt opp mot note 18.

0126 – Startlån

Ramme for vidareutlån av Husbanken sine midlar.

Udisponerte lånemidlar i rekneskapen for 2022 (R2022), kr 2.146.000, kan leggest til utlånsramma i budsjett for 2023 (B2023). Samla utlånsramme vil i så fall bli kr 6.146.000. I tillegg er det opparbeidd eit låneavdragsfond på kr 821.000 som fylgje av ekstraordinære avdragsinntekter som ein kan vurdere å styrke utlånsramma ytterlegare med.

0149 – Kjøp og sal av aksjar, andelar og tomter

Meirforbruk skuldast oppmålingsgebyr knytt til sal av næringstomt og sal av bustadtomt som ein ikkje tok høgde for ved siste budsjettjustering. Det meste av desse omkostningane er dekkja av tomtekjøpar.

0591 – Tur-/sykkelløype Åmli-Treungen

Det som står att på dette prosjektet er beløpet som blei løyva i 1. tertial til å sikre nokre fjellskjeringar. Attståande løyving vart i ksak 68/22 overført til B2023. Traseen frå Tjønnefoss til llekleiv er skild ut som eige prosjekt (0690).

0609 – Ymse prosjekteringskostnader VA-prosjekt

Desse er bruka opp i R2022, og prosjektet vert ikkje vidareført i B2023.

0634 Kyrkjebygdheia – opprusting av eksisterande anlegg

Prosjektet gjeld ferdigstilling av diverse tiltak i samband med at kommunen etablerte/overtok vassforsyninga på Kyrkjebygdheia. I ksak 68/22 vart kr 1.040.000 av projektramma flytta til B2023. Rekneskapen syner at det er ytterlegare disponibelt kr 144.000. Så langt er prosjektet i rute innanfor projektramma.

0625 – Vass- og avløpsleidning Treungen – Kyrkjebygda

Prosjektet er avslutta, men det vil kome ytterlegare investeringar når eksisterande reinseanlegg skal sanerast/byggast om til pumpestasjonar. Dette vil fyrst vere aktuelt i 2024.

0633 – Bakkebufjellet - Anleggsbidragsavtale

Anleggsbidrag frå Kyrkjebygda AS regulert i utbyggingsavtale (samla kr 4.5 million + renter fordelt på 8 år). Vert avsett til bunde investeringsfond som kan nyttast til nye VA-investeringar.

0640 – Forprosjekt – ungdomsskulen

Bygge- og prosjekteringsnemnda har ansvaret for prosjektet. Det er i fleire saker gjort løyvingar til arbeidet med ungdomsskulen. Sist i ksak 68/22 vart det løyva kr 110.000. Av dette står det udisponert kr 51.000 i R2022, men arbeidet vil krevje løyving utover dette i B2023.

0593 – Omsorgsbustader – Omsorgsenteret

Det står att å sette opp søppelboder, noko ein i ksak 68/22 rapporterte ville bli gjort i 2023, og restløyving vart overført B2023. Note 18 i R2022 syner at udisponert beløp er kr 221.000, ikkje kr 334.000 som ein opplyste i ksak 68/22.

0644 – Ombygging/Ny brannstasjon

Bygget er overtatt av kommunen og sluttsynfaring er gjort. I ksak 68/22 vart det rapportert at det stod att sluttoppgjør og ymse inventar, og kr 1.560.000 vart overført til B2023. Fleire av desse innkjøpa vart likevel gjort i 2022, og disponibel løyving i B2023 kan nå reduserast med kr 328.000.

0648– Høgdebasseng Framnes

Det er påløpt nokre prosjekteringskostnader, men elles så er prosjektet forventa oppstart på i 2023. Det vil bli lagt fram eiga sak til politisk handsaming 1.halvår 2023.

0650 – Driftsovervaking – pumpestasjonar

I ksak 68/22 vart det rapportert at resterande løyving var kr 300.000 og skulle nyttast til å etablere nye basestasjonar i 2023. Note 18 i R2022 har oppklart at disponibel ramme ikkje er kr 300.000, men kr 189.000. Det er uvisst om dette er nok.

0651 – Oppgradering av/etablering av nye kummar.

Løyvinga skal nyttast til å oppgradere ein kum i Smeitkollen i 2023.

0653 – Utbyggingsavtale – Øverlandsheia

Utbygging av va-nett i Øverlandsheia hyttefelt er fullført.

0654 – Utbyggingavtale – Kragerøåsen

Utbygging av va-nett i Kragerøåsen hyttefelt (Felehovet sør) er fullført.

0663 – Utlån til Landvik veglag

Asfalteringa som er planlagt er utsett til 2023.

0665 – Bilar heimesjukepleia

Bilane er kjøpt inn og prosjektet er avslutta.

0667 – Oppgradering – sak/arkiv-system

Ny versjon (elements) er teke i bruk, og prosjektet er avslutta med eit lite meirforbruk (kr 11.000).

0670 – Anleggsbidragsavtale – Utsjå hyttegrend – trinn 3

Kommunedirektøren har inngått anleggsbidragsavtale her etter fullmakt. Øvre ramme for prosjektet er 5 mill. Dette er fullt ut finansiert med anleggsbidrag, og utbyggar styrer framdrifta.

0672 – Prosjektering – kjøkken og vaskeri NOS

I ksak 68/22 vart det rapportert at prosjektet var så godt som ferdig prosjektert, og at utbygging er lagt inn i B2023. R2022 syner at det er bruka ca. kr 100.000 meir enn budsjettert på prosjekteringa. Dialog med Husbanken og ymse moment knytt til velferdsteknologi krev ytterlegare løyving til prosjektering i B2023.

0675 – Takheisar pasientrom NOS

Heisane er montert og prosjektet er avslutta.

0681 – Vassforsyning – Naurak inkl. kloakk i Rypelia

I ksak 68/22 vart det rapportert at kr 3,3 million måtte flyttast til B2023. Raskare framdrift enn det ein la til grunn då har medført eit meirforbruk på kr 1.809.000. I stor grad kan dette dekkast inn ved å redusere ramma i B2023, men prosjektet har hatt tilleggskostnader som vil gje eit meirforbruk samla sett. Hovudforklaringa på dette er at det er avdekkta fleire større manglar ved eksisterande kloakknnett som kommunen overtok vederlagstfritt i si tid.

0682 – Autovern – Haukerhylvegen

Prosjektet er gjennomført innanfor kostnadsramma.

0683 – Offentleg toalett – Kyrkjebygdheia

Prosjektet blei i 1. tertial overført til B2023.

0684 – Anleggsbidagsavtale – Felehovet Nord felt E

Prosjektet er gjennomført i tråd med løyving i ksak 9/22.

0686 – Anleggsbidagsavtale – Solheia 2 (2022)

Prosjektet er tidlegare overført til B2023.

0687 – Anleggsbidagsavtale – Svivkollen 2 (2022)

Prosjektet er etablert med ei prosjektramme på kr 850.000, der 100 % skal dekkast med anleggsbidrag. Utbyggar styrer framdrifta etter behov.

0688 – Anleggsbidagsavtale – Nordstøy

Prosjektet vart i ksak 68/22 rapportert å ha større framdrift enn det ein fyrst la til grunn. R2022 syner ytterlegare forsering av framdrifta, og med det eit meirforbruk på kr 2.137.000. Dette kan i stor grad dekkast inn ved å redusere B2023, men så langt er det kjent at det kjem ein tilleggskostnad for å etablere ein vassleidning som det ikkje var teke høgde for i prosjektet.

0689 – Robotklyppar – sentralidrettsanlegget

Innkjøp er gjennomført.

0690 – Sykketrase Tjønnefoss - Ileklev

I kommunestyresak 46/22 blei det vedteke utbygging av denne traseen med ei ramme på 4 mill. med eigenfinansiering inntil 1,4 mill. Hovudprosjektet vil først skje 1.halvår 2023, men det er avsett kr 237.000 til prosjektering i B2022. Av desse står kr 60.000 udisponert, og kan overførast B2023.

0691 – 2 søppelboder Tveit skule og Treungen barnehage

I ksak 68/22 vart løyvinga flytta frå B2022 til B2023.

0692 – Offentleg toalett Sundsmoen

Er tidlegare flytta frå B2022 til B2023.

0693 – Gateljos – Haugsjåsund

Er tidlegare rapportert at ville bli utført i 2022, men nå er forventa gjennomføring i mars/april 2023. Unytta løyving flyttast til B2023.

0694 – ATV – 6-hjuling – brannberedskap

Innkjøp er gjennomført. Ekstrautstyr vart noko dyrare enn det ein la til grunn (kr 38.000).

Felles VA-prosjekt saman med Drangedal kommune

0535 VA-Gautefallheia – Trinn 4 – Drangedal avløp

Prosjektet omfattar ny kloakkleidning mellom Gautefall Ski Lodge og Gautefall RA, der kostnader fordelast mellom Nissedal og Drangedal etter gjeldande samarbeidsavtale. I tillegg har Drangedal fått utvida vassforsyningskapasiteten, noko dei har finansiert 100 %.

I ksak 68/22 vart prosjektet rapportert fullført og udisponert ramme på kr 724.000 vart trekt inn. Dette var feil, då det framleis står att slutfakturering frå entreprenør.

0657 – Høgdebasseng – Tveit (Treungen)

Nytt høgdebasseng som inngår i samarbeidet med Drangedal.

Det er påløpt nokre prosjekteringskostnader, men elles så er prosjektet forventa oppstart på i 2023. Det vil bli lagt fram eiga sak til politisk handsaming 1.halvår 2023.

0676 – Prosjektering – Langmoen reinseanlegg

Behovet for konsulentbistand vart anslått til 7,5 mill. i B2022.

Rekneskapen syner at kr 831.000 av desse ikkje vart nytta i R2022, og kan overførast B2023. Her vil det vere behov for betydeleg styrking i B2023, men ein vurderer at dette kan gjerast internt mellom dei ulike «Langmoen-prosjekta». Drangedal dekker omlag 35% av kostnadene.

0677 – Prosjektering – vatn og avløpsleidningar Treungen-Langmoen

Prosjektering er avslutta og hovudprosjektet er godt i gang (sjå prosjekt 0679).

0678 – Utbygging – Langemoen reinseanlegg

Utbygginga vart i 2.tertial flytta til B2023, med unntak av ymse kostnader til hogst m.m.

R2022 syner eit lite meirforbruk (kr 34.000) som dekkast inn ved å redusere ramma i B2023.

0679 – Utbygging – Felles vass- og avløpsleidning Langmoen

Prosjektet er godt i gang, og har større framdrift enn sist rapportert i ksak 68/22. Eit meirforbruk på kr 1.665.000 dekkast inn ved å redusere ramma i B2023.

Oppsummert:

Investeringsrekneskapen for 2022 er gjort opp med eit udekket beløp på kr 1.816.000. Dette beløpet må dekkast inn i 2023. Storparten av udekket beløp er årsaka av prosjekt som har hatt ein raskare progresjon dei siste månadene enn kva ein la til grunn i 2. tertial og i siste justeringssak som blei lagt fram. Dette gjeld særleg prosjekt 0681 Vassforsyning-Naurak inkl. kloakk i Rypelia. For den delen som gjeld progresjon er løysinga berre å redusere løyvinga i 2023 tilsvarande. Men det er eit par reelle overskridingar, t.d. prosjekt 0694 ATV – 6-hjuling brannvesen der det er manglande finansiering på omlag kr 30.000 og prosjekt 0682 autovern – Haukerhylvegen, der eksternt tilskot blei lågare enn budsjett la til grunn og det mangla kr 36.000 i finansiering. Desse overskridingane må dekkast inn i 2023, truleg ved å auke bruk av lån tilsvarande.

4. Driftsrekneskapen

(jf. øk. oversikt, bevilgningsoversikt netto ramme pr. rammeområde og note 17)

Økonomisk oversikt drift (s. 11 i rekneskapen)

Oversikten syner at sum driftsinntekter blei 2,3 mill. over budsjett og ein auke på 31,1 mill. samanlikna med rekneskap 2021. Endring frå 2021 er m.a. konsesjonskraftinntekter på 20,2 mill. (blei førd som overføring/tilskot i 2021 med 9,5 mill.), auke i renovasjonsavgifter med 1,9 mill. og VA-avgifter med ein auke på 1,6 mill. i høve til rekneskap 2021.

Inntekts- og formueskatt blei 3,5 mill. høgare enn budsjett. Gjennom året blei anslaget på denne inntekta auka med 4,25 mill. Likevel blei det eit stort avvik ved årets slutt. Dette skuldast delvis at mykje av auken i skatteinntekter kom mot slutten av året. Nissedal kommune hadde ein vekst på 14,1% på inntekts-/formueskatt mot 12,7% på nasjonalt nivå.

Naturressurskatten (som og inngår i inntektsutjamninga – avrekninga mot rammetilskot), blei 1,3 mill. under budsjett og 1,2 mill. lågare enn i 2021. Naturressurskatten utgjer 1,1 øre pr. produsert kWh. Med andre ord må då kraftproduksjonen i kommunen ha vore lågare i 2022 enn 2021.

Rammetilskot blei 0,8 mill. meir enn budsjettert. Dette til tross for at skatteinntektene blei langt over budsjett. Dette skuldast at Staten lot kommunane behalde store delar av den meirskatteveksten som kom i 2022. Det var budsjettert med skjønnsmidlar på 4,15 mill. (skjønnsmidlar inngår i rammetilskotet). 3,15 mill. for utgifter ved skogbrann ved Jettegrytene og 1 mill. for korona-utgifter. Kommunen fekk 2,8 mill. i skjønnsmidlar for skogbrannen ved Jettegrytene og 1,7 mill. i «korona-kompensasjon». I sum fekk kommunen kr 350.000 meir i skjønnsmidlar enn budsjettert. Etter siste bevilgning i desember fekk kommunen, meir eller mindre, dekt alle registrerte ekstrautgifter knyt til pandemi.

Inntekter frå eigedomskatt blei 0,1 mill. over budsjett og var totalt 13,1 mill. Dette fordelte seg på 1,5 mill. frå næringsbygg/linenett, 5,3 mill. frå kraftanlegg og 6,3 mill. frå hus/hytter. Meirinntekta var i hovudsak på hus/hytter.

Overføringar og tilskot frå andre blei 1,5 mill. over budsjett, men hadde ein nedgang i høve til 2021 på 4,4 mill. Nedgangen i høve til rekneskapen 2021 er i hovudsak årsaka av at konsesjonskraftinntekter i 2022 skal førast som sals-/leigeinntekt (utgjorde 9,5 mill. i 2021). Pga. av at mva-refusjon hadde ein auke 2,3 mill. blei ikkje reduksjonen av denne posten større. Avviket i høve til budsjett er årsaka av mva-refusjon (1,3 mill. over budsjett, med tilsvarande avvik på utgiftssida) og refusjon sjuke-/fødselspengar over budsjett (0,4 mill.)

Sals- og leigeinntekter blei 2,5 mill. under budsjett og 25 mill. høgare enn rekneskap 2021. Auke i høve til rekneskap 2021 kan i stor grad forklarast med endring av føring av konsesjonskraftinntekter (utgjer 20,2 mill.). Budsjettavviket kan forklarast med gebyrinntekter vatn som blei 1,3 mill. under budsjett, då det blei nokre forseinkingar i utviding av vassnettet og delar av budsjetterte tilkoplingsavgifter først vil bli fakturert i 2023. I tillegg kjem gebyrinntekter på plankontoret som gjeld Kviteseid. Her framstår det som eit «budsjettavvik» på 3,1 mill. Men dette er eit rekneskapsteknisk moment då inntektene som gjeld Kviteseid blir overført til Kviteseid i samband med rekneskapsavslutninga. I tillegg blei konsesjonskraftinntektene 1,6 mill. over budsjett.

Sum driftsutgifter blei 3,4 mill. over budsjett. Veksten i driftsutgifter frå 2021 var på 37,1 mill. Med andre ord auka driftsutgiftene med 6 mill. meir enn driftsinntektene.

Lønsutgiftene (inkl. sos.utg.) auka med 13,4 mill. frå 2021 til 2022. Dette utgjer ein auke på omlag 9,5%. Lønsveksten frå 2021 til 2022 er berekna til 3,8%. I tillegg kjem auke av årsverk gjennom året, som t.d. ny turnus for ny brukar Kåsa, innføring av 80/100-ordning på Kåsa, re-etablering av flyktingtenesta. Bruk av overtid i 2022 er og med på å forklare auke i lønsutgifter. Overtid inkl. avgift hadde ein kostnad på 7,3 mill. Dette er ein auke på 4,9 mill. frå 2021. Lønsutgifter (inkl. sos.utg.) hadde ei overskriding i høve til budsjett på 1,1 mill. Velferd står for det største avviket her med eit meirforbruk på løn på 0,9 mill., teknisk 0,4 mill, eining for oppvekst/kultur 0,4 mill., og plan/næring med 0,2 mill. Felles har eit mindreforbruk på løn 0,8 mill. Dette mindreforbruket er årsaka av avsett lønspott som det står att 1 mill. på. Denne restsummen kan knytast til «lærarstreiken» og tvungen lønsnemnd som først blei avklart i februar 2023. På overtid (inkl. avg.) er det ei overskriding i høve til budsjett på 0,6 mill.

Kjøp av varer og tenester har ei overskriding i høve til budsjett på 4,1 mill. I høve til rekneskap 2021 er det ein auke i utgifter på denne posten på 19 mill. Under felles er det ei overskriding 1,2 mill. som kan knytast til overføring til NAV og barnevern. På teknisk/VA er det ei overskriding i høve til budsjett på denne posten på 3,1 mill. Størstedelen av forklaringa her er straum som har ei budsjettoverskriding på 2,5 mill. Dei største enkeltmomenta i auken frå 2021 er auke i straumutgifter (5,5 mill.), kjøp av tenester/utstyr skogbrann Jettegrytene (ca. 2 mill.), auke overføring NAV/Barnevern (1,9 mill.), auke overføring IATA (1,9 mill. fin. av auke i gebyrinntekter), prosjektering klatrehall (0,7 mill. fin. av eksterne midlar).

Overføringar/tilskot til andre er 1,5 mill. under budsjett, men 3,8 mill. høgare enn i 2021. Avviket i høve til budsjett skuldast i all hovudsak løyva sum til straumstøtte til lokalt næringsliv på 1,5 mill. der det berre blei utbetalt kr 150.000. Auken i høve til rekneskap 2021 kan i stor grad forklarast med auke i betalt meirverdiavgift særlig pga. auke i straumprisar (2,3 mill. som kommunen får refundert att) og overføring av tilskot til fiberutbygging (2 mill.).

Netto finansutgifter blei 0,9 mill. under budsjett. Dette skuldast at renteinntekter blei 0,7 mill. meir enn budsjettert. Dette på bakgrunn av at innskotsrenta gjekk noko «brattare» opp siste halvår enn lagt til grunn. I tillegg blei innestående sum på konto (rentegrunnelaget) underbudsjettert. Renteutgifter blei 0,2 mill. meir enn budsjett. Dette skuldast at rentehevingane siste månadene var fleire enn lagt til grunn i budsjett. Avdrag på innlån blei 0,4 mill. under budsjett. Dette skuldast at låneopptak til investeringar i 2022 blei tatt opp med 1. avdrag først i 2023. Ved ein feil blei ikkje budsjettet korrigert for dette i 2. tertial.

Avsetnad av bundne fond er 6,2 mill. som gir eit avvik i høve til budsjett på 0,6 mill. (avsett meir enn budsjett). Dei største momenta i høve til avvik budsjett her er avsetning til kraft-/næringsfond, kr 174.000 høgare enn budsjett pga. høgare avkastning/renteinntekt fondskapital. På næring kom det inn eit avdrag på utlån av KMD-midlar som det ikkje var budsjettert med, og av den grunn måtte det avsetjas kr 58.000 til bundne fond. Mottekne mildar frå friluftsfondet for Arendalsvassdraget måtte avsetjas då det ikkje var utgifter/overføringar her i 2022. I tillegg var det avsetning til sjølvkostfond utover budsjett på oppmåling (kr 156.000) og renovasjon (kr 38.000).

Bruk av bunde fond er 10,5 mill. som er 4,2 mill. meir enn budsjett. Mot slutten av året blei midlar til breiband utbygging overført til VTK (2 mill.) utan at dette var innarbeidd i budsjett. Dette var midlar som stod på fond. I tillegg blei det inntektsførd 2,3 mill. meir enn budsjett frå sjølvkostfond VA. Dette på bakgrunn av at tilknytningsgebyr på vatn blei 1,2 mill. under budsjett. Årsaken til denne inntektssvikten er at tilknytning Naurak hyttefelt blei utsett til 2023. I tillegg blei utgiftene på noko over budsjett, m.a. blei renteutgifter høgare enn lagt til grunn i budsjettføresetnadene.

Avsetning til disposisjonsfond har eit avvik på 3,1 mill. (avsett meir enn budsjett). Budsjettet la opp til avsetning på 2,1 mill. Når rekneskapen blei gjort opp gav det grunnlag for ei avsetning på 5,3 mill. Felles buffer utgjør pr. 31.12.22 kr 11.169.346.

Netto driftsresultat i 2022 var 0,38%. Dette i motsetning til 2021 då det var eit netto driftsresultat på 3,47%. Ein ser at sjølv om sum avsett til buffer er auka frå 1,6 mill. i 2021 til 5,3 mill. i 2022, så endar ein opp med eit svakare netto driftsresultat. Dette skuldast at VA-området driv med underskot og blir finansiert med fond med 4 mill. i 2022 mot 0,4 i 2021. I tillegg dreg og overføring av tilskot til fiberutbygging (2 mill.) ned netto driftsresultat. Dette siste er meir å sjå som eit «budsjett-teknisk» moment.

Bevilgningsoversikt, netto ramme pr. rammeområde (s. 8 i rekneskapsdokumentet)

Totalt syner rekneskapen kr 139.148.000 i sum nettoramme for alle rammeområde (eksl. fondsbruk/-avsetning). Dette mot justert budsjett på kr 134.268.000. Dette vil seie eit meirforbruk i høve til netto driftsutgifter på kr 4.880.000 (3,5%). Det er store variasjonar rammeområda i mellom, plan/næring har eit meirforbruk på 51,5%, VA eit meirforbruk på 17,4%, teknisk eit meirforbruk på 16,6%, velferd eit meirforbruk på 2,89%, oppvekst/kultur eit meirforbruk på 0,19% og felles eit mindreforbruk på 27,1%. Bakgrunn/moment for avvik innafor dei ulike rammeområda kjem fram under.

Rammene pr. rammeområde

Note 17 i rekneskapet syner endringane i driftsrammene gjennom året, og faktisk driftsresultat for kvart rammeområde for året. Større endringar av budsjettamma og budsjettavvik (over kr 100.000) vert teke med i oppsettet under. Endringar av meir teknisk karakter som t.d. avskrivningar og verknad av lønsoppgjer for kvart rammeområde, vert ikkje teke med. Det er viktig å merke seg at rekneskapsresultat ikkje nødvendigvis seier noko om oppnåing av mål eller effektivitet. Dei ulike momenta vert berre omtala i stikkord i oppsette under. For meir utfyllande kommentarar, sjå kommentar til rekneskapen under kvart rammeområde sin rapport.

(I oppsettet under er auke av budsjettamme markert med + og reduksjon av ramme med -. Meir-/mindreforbruk tek omsyn til bruk/avsetning fond).

Felles

Dei viktigaste tiltaka i budsjettvedtaket var:

- Auke av konsesjonskraftinntekter redusert -kr 3.200.000
- Midlar til gjennomføring av val trekt ut -kr 120.000
- Red. utgift økonomisk sosialhjelp -kr 400.000
- Auke utgift barnevern – tiltak/endra finansiering +kr 1.368.000
- Sum midlar Covid-19 budsjett 2021 trekt inn -kr 977.000
- Bemanning landbrukskontor redusert 80% stilling – kr 205.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke av konsesjonskraftinntektene -kr 10.565.000
- Utgift overordna beredskapsarbeid +kr 275.000
- Styrking av felles lønspott +kr 1.000.000
- Auke overføring NAV drift/øk.sosialhjelp 355.000
- Utgifter tiltak barnevern -kr 930.000
- Turnusprogram/konsulenthjelp/opplæring +kr 100.000
- Nye brøytekontrakter kyrkjene +kr 100.000
- Midlar avsett straumstøtte lokalt næringsliv +kr 1.500.000

Felles har eit netto mindreforbruk på kr 2.451.000 (avvik 21,2%). Dette kan i hovudsak knytast fylgjande moment:

- Konesjonskraftinntekter meirinntekter over budsjett på kr 1.613.000
- Mindreforbruk avsett sum straumstøtte kr 1.351.000
- Mindreforbruk lønspott heile kommunen kr 970.000
- Meirutgifter NAV kr 910.000
- Meirutgifter barnevern kr 257.000
- Auke avsetning næring-/kraftfond ved auke renteinntekter kr 173.000
- Meirforbruk lønspostar kr 152.000

Eining for oppvekst og kultur

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Heilårsvirkning av red. 230%-stilling 2021 budsjett –kr 770.000
- Auke kostnad PPT +kr 200.000
- Auke spes.ped tiltak +kr 190.000
- Grunnressurs gjesteelevar – ref. bortfalt +kr 123.000
- Introduksjonsløn auka +kr 106.000
- Flyktningkonsulentstilling og driftsmidlar trekt inn –kr 486
- Kjøp av grunnskule vaksne frå anna kommune +kr 120.000
- Innkjøp nye lærebøker +kr 280.000
- Innføring av gratis skulemat frå aug. 2022 +kr 152000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Spesialpedagogiske tiltak +kr 160.000
- Vikar/overtid – koronarelatert +kr 404.000
- Etablering av flyktningteneste/intro.program +kr 1.931.000
- Assistent i skule/barnehage - flyktningressurs +kr 547.000
- Redusert foreldrebetaling barnehage +kr 120.000
- Ledige lønsmidlar trekt inn -kr 602.000

Eining for oppvekst og kultur har eit meirforbruk på kr 117.000 (avvik 0,23%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Lønsgifter jf. rikslønsmemnda – ikkje reg. i budsjett kr 193.000
- Budsjettoverskriding flyktningkonsulent/intro.prog. kr 504.000
- Mindreinntekt vaksenopplæringa kr 340.000
- Mindreforbruk på ulike driftspostar heile eininga kr 630.000

Eining for velferd

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Heilårsvirkning av red. 100% stilling 1/7-21 –kr 250.000
- Styrking av prosjektstilling velferdsteknologi +kr 202.000
- Permisjon lege avslutta +kr 360.000
- Utg. auka interkommunalt psykolog +kr 125.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Forvaltning/drift nasjonale e-helseløysingar +kr 162.000
- Auke kostnad legevakt +kr 103.000
- Overtid/vikar +kr 3.150.000
- Etablering nytt team rundt brukar/ innført 80/100-ordning +kr 970.000

Eining for velferd har eit meirforbruk på kr 1.683.000 (avvik 2,9%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Tilskot for ressurskrevjande brukarar under budsjett kr 474.000.
- Brukar-/opphaldsbetaling NOS under budsjett kr 159.000
- Meirforbruk løn heimesjukepleie kr 431.000
- Meirforbruk løn Kåsa 252.000
- Meirforbruk løn somatisk kr 105.000
- Meirforbruk matvarer NOS kr 112.000
- Mindreinntekter heimehjelp brukarbetaling/alarm kr 65.000

Eining for teknisk drift

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Auke straumutgifter +kr 525.000
- Leigeinntekter nye omsorgsbustader –kr 315.000
- Inndekning av framførbart underskot feiing –kr 247.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke i straumutgifter +kr 3.200.000
- Reduksjon av inntekter komm. bustader +kr 380.000
- Ekstra vedlikehald komm. bygg, veg +kr 410.000
- Utbetring kulvert Kåsa/Solli +kr 680.000
- Utbetring kommunale vegar +kr 150.000
- Auke kommunale avgifter +kr 170.00
- Auke pris/kostnad reinhaldsmidler +kr 150.000
- Auke i tal på brannutrykkingar +200.000
- Brannberedskap Treungfestival +kr 100.000
- Skogbrann ved Jettegrytene +kr 3.150.000

Eining for teknisk drift har eit meirforbruk på kr 2.651.000 (avvik 12,5%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirutgifter straum kr 2.100.000
- Meirutgifter vedlikehald bygg/anlegg kr 360.000
- Meirutgifter Brann – løn utrykking kr 153.000
- Meirforbruk lønspostar heile eininga utanom brann kr 178.000
- Bytte av motor Fjoneferja (ikkje budsjettert) kr 98.000
- Mindreforbruk pga. forseinka levering av utstyr brann kr 300.000

Sjølvkost Vatn og Kloakk

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Ramme redusert pga. auke i rentenivå og avskrivingsgrunnlag -kr 1.833.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Ramme redusert pga. auke i rentenivå -kr 1.350.000

Sjølvkostområdet VA har eit mindreforbruk på kr 557.000 (avvik 4,8%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Endra føresetnader renter/avskrivningar i høve til budsjett

Plan og næring

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Omorganisering frå næringskonsulent til næringssjef +kr 340.000
- Auke anslag inntekter plankontoret –kr 193.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Ingen vesentlege endringar

Plan og næring har eit mindreforbruk på kr 185.000 (avvik 10,4%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Auke inntekter / reduksjon utgifter oppmåling kr 213.000
- Auke inntekter / reduksjon utgifter bygningskontroll kr 70.000
- Meirutgifter driftsutg. Næringsadministrasjon kr 67.000

Måltall

I budsjettet for 2022 var det sett opp måltall slik:

- Netto driftsresultat skal vere betre enn 1,75%.
Dette måltallet er ikkje oppnådd då netto driftsresultat i rekneskapen 2022 er 0,38%.
- Disposisjonsfond skal utgjere 5% av generelle driftsinntekter.
Generelle driftsinntekter var kr 154.404.000 og disposisjonsfond var kr 11.169.346. Dette gir at disp.fond utgjør 7,2% av gen. driftsinntekter. Dette måltallet er dermed oppnådd.
- 100% inndekning på sjølvkostområde.
Måltallet tek omsyn til bruk av sjølvkostfond. Sjølvkostområde som ikkje har full inndekning og fond til å dekke inn underskot med er: avløp (akk. underskot kr 106.690) og slam (akk. underskot kr 24.312). Sjå note 13. Måltall ikkje oppnådd.

5. Balansen

5.1 Gjeld:

Kortsiktig gjeld var pr. 31.12.22, 59,7 mill. Dette er ein auke på 17,2 mill. frå 2021. Største enkeltposten på kortsiktig gjeld er interimskonto remittering (23,6 mill.), som er ein auke på 10,3 mill. (sjå kommentar under arbeidskapital). Langsiktig gjeld (lån) var pr. 31.12.22, 284,6 mill. ein auke på 25,8 mill. sidan 2021.

Utvikling av lånegjeld

Alle tal i tusen	2018	2019	2020	2021	2022
Husbanken	11 976	11 497	11 018	13 539	16 059
Sparebanken Sør	1 994	1 294	1 294	1 294	570
Kommunalbanken	131 222	194 311	186 991	186 967	180 128
KLP Kommunekreditt	15 888	14 846	13 804	12 761	11 720
KLP	10 252	9 252	46 452	44 179	76 109
Totalt:	171 332	231 200	259 559	258 740	284 586

Auken i lånegjeld siste 5 år (113 mill.) er i stor grad knytt til VA-anlegg. Nissedal kommune har vedtak om 100% dekningsgrader innan desse sjølvkost-regulerte områda, og auken i lånegjeld skal difor ikkje påverke handlingsromet for anna kommunal drift. Kommunalbanken har dei siste åra vore hovudbank på innlån for kommunen. Ubruka lånemidlar pr. 31.12.22 er 6,4 mill. mot 6,7 mill. pr. 31.12.21.

5.2 Arbeidskapital (note 1 i rekneskapen)

Kommunen sin arbeidskapital kjem fram av sum omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen fortel om i kva grad kommunen er i stand til å dekkje laupande utgifter.

Arbeidskapital

Alle tal i 1000	2018	2019	2020	2021	2022
Arbeidskapital	50 597	54 426	55 071	45 659	44 734

Arbeidskapitalen har i 2022 blitt redusert med kr 924.000. Dette heng saman med auke i omløpsmedel på 16,3 mill., samstundes som kortsiktig gjeld og er auka med 17,2 mill. Auke i omløpsmedel er samansett, men m.a. har kortsiktig fordring kommunar/fylkeskommunar auka med 10,2 mill. Her utgjer krav til Drangedal den største posten for deira andel av investeringar 10,2 mill. Auke i kortsiktig gjeld er og samansett av fleire postar, der auke på interimskontor remittering har størst endring med ein auke på 10,3 mill. Auke her heng i stor grad saman med høg aktivitet på investeringsrekneskapen, med store fakturabeløp frå leverandørar/entreprenørar, også kring årsskifte.

5.3 Utestående fordringar

Utvikling av kommunale krav. (Som er sendt gjennom faktureringsystemet)

Alle tal i 1000	2018	2019	2020	2021	2022
Sum restanse	909	2 164	2 531	2 641	3 335
Eldre enn 6 mnd	14	158	391	316	285

Det er framleis mange nedbetalingsavtaler på tilkoplingsavgifter på bakgrunn av mange hyttefelt som er kome til VA-nettet siste par åra. Dette er dels med på å forklare auke i restansar siste 2-3 år. Forfall på 4. termin kommunale avgifter mot slutten av desember gjer og til å halde talet på totale restansar oppe. Det er i 2022 avskrivi kommunale krav på kr 3.243, som må seiast å vere ein beskjeden sum.

5.4 Fond

Kommunen sine fond er delt inn i 4 ulike grupper.

BDF (bundne driftsfond) som normalt er avsetjingar eller bruk til øyremerka føremål bestemt av gjevaren. UBIF (ubundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar som kommunen sjølv har sett av til føremål i investeringsrekneskapen. BIF (bundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar brukt i investeringsrekneskapen til øyremerka føremål. DF (disposisjonsfond) som normalt er avsetjingar utan særskilt føremål, men utgjer ein «økonomisk reserve». Bruken kan skje både i investering- og driftsrekneskapen. (sjå note 7 i rekneskapen).

Utviklinga i fondsbeholdning dei siste åra. (Alle tal i tusen)

	2018	2019	2020	2021	2022
Bundne driftsfond	26 825	26 748	25 623	30 179	25 826
Ubundne investeringsfond	262	0	0	0	0
Bundne investeringsfond	512	1 534	2 137	2 862	3 153
Disposisjonsfond	10 386	5 479	4 296	5 906	11 169
SUM	37 985	33 761	32 056	38 947	40 148

Tabellen syner at samla fondsbeholdning siste år er auka med 1,2 mill. Disposisjonsfond (felles buffer), er auka siste år med 5,3 mill. Bundne driftsfond er redusert med 4,4 mill. Dette er å sjå som positivt i betydning at midlane er nytta til dei føremål dei er knyt til.

6. Rapport – Finansforvaltning

Vedteke finansreglement med rutinar seier at det i årsrapporten skal rapporterast i høve til finansforvaltninga for heile året. Det blei teke opp 2 nye lån i 2022. Eit lån på 34,2 mill. i høve til finansiering av investeringar. Lånet blei teke opp i KLP-banken etter ordinær anbudsrunde. I tillegg blei det teke opp eit lån i Husbanken på 3 mill. for vidareutlån (Startlån).

Rapportering for passiva:

	31.12.2022		
	Mill. kr	%	Dur.
Lån med pt rente (vekta gj.sn.)	284,6 mill.	3,9%	
Lån med 3 mnd. NIBOR	0		
Lån med fast rente	0		
Finansiell leasing	0		
Samla langsiktig gjeld	284,6 mill.		
Effektiv rente (vekta gj.sn.)		3,9%	
Avkastning (kostnad benchmark (ST4X))		(ikkje aktuelt)	
Tal på enkeltlån		12	
Største enkeltlån		117,8 mill.	

Rapportering for midlar til driftsføremål:

	31.12.2022		
	Mill. kr	%	Dur.
Innskot hjå hovudbank	41,5	2,34%	
Innskot andre bankar	0		
Samla kortsiktig likv.	0		
Avkastning 2022	1,14		
Stadfesting av enkelteksponering ≤ 2% av forvaltningskapital		ikkje aktuelt	
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid.		ikkje aktuelt	
Største tidsinnskot		ikkje aktuelt	
Største enkeltpapirplassering		ikkje aktuelt	

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Lån vert nå teke opp med ei nedbetalingstid på 40 år. Dette for å få best mogleg samsvar mellom avskrivningstid på VA-investeringar og betalte avdrag. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansregelment opp til ei sær s låg risikoeksponering. Gjeldande reglement er etterlevd i 2022 og kommunen har derfor fortsatt ei låg risikoeksponering. Men ein ser ved endring i rente, som har skjedd nå i 2022, så blir effekten raskt merkbar i driftsbudsjettet. Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet. I høve til innskot er dette plassert i Sparebanken Sør. Det er ikkje gjort nærare analyser av kor konkurransedyktige dei rentevilkåra ein har på innskot er.

7. Likestilling

7.1 Kjønnfordeling

Kjønnfordeling (fordeling kjønn pr. org. eining)	2020		Ny org. Aug.2020	2021		2022	
	Kvinner	Menn		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Ordfører/Leiargruppe (einingsleiar, kommunalsjef, kommunedirektør, plansjef, inngår og i tala under)	25%	75%		25%	75%	25%	75%
Felles/komm.dir./ordfører/tillitsvalte	62,5%	37,5%	Felles	53,8%	46,2%	57,1%	42,9%
Eining for skule	70,8%	29,2%	Oppvekst/kul.	77,1%	22,9%	77%	23%
Eining for barnehage	94,3%	5,7%					
Eining for kultur	33,3%	66,7%					
Eining for helse og habillitering	83,6%	16,4%	Velferd	88,3%	11,7%	88,2%	11,8%
Eining for omsorg	93,9%	6,1%					
Eining for teknisk drift	31,3%	68,8%	Teknisk	33,3%	66,7%	35,1%	64,9%
Plankontor	40%	60%	Plan/næring	33,3%	66,7%	14,3%	85,7%
Totalt heile kommunen	73,9%	26,1%	Totalt	73,2%	26,8%	72,7%	27,3%

I Nissedal kommune er det i dei fleste einingane kvinner som utgjør fleirtalet og det er liten utvikling frå 2020 til 2022. Det er klar overvekt av menn i øvste leining av kommunen. Ein ser at Velferd og Plan/næring skil seg ut med å ha ein særskild kjønnfordeling. Kommunen kan bli betre til å oppmode menn til å søkje stillingar innan fagområde der kvinner er i fleirtal og motsett der menn er i fleirtal.

7.2 Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid

Timar:	2020		2021		2022	
	Overtid	Ubkv. arb.tid	Overtid	Ubkv. arb.tid	Overtid	Ubkv. arb.tid
Felles/rådm./till.v./ordf/næring	5	896	419	889	847	44
Eining for oppvekst og kultur	257	1.848	326	2.831	1.159	3.054
Eining for velferd	3.027	53.765	3.492	54.234	8.710	56.673
Eining for teknisk drift	922	0	995	0	2.460	0
Plankontor	0	0	0	0	70	0
Totalt heile kommunen	4.211	56.509	5.232	57.954	13.246	59.770

Tabellen syner tal på timar det er utbetalt overtid (50%, 100%, 133%) fordelt pr. eining. Ubekvem arbeidstid vert her definert til å vere timar det er utbetalt laurdag/sundagstillegg, kveld/natttillegg, heilagdags/høgtidstillegg. Det er ein auke både i bruk av overtid og godtgjersle ubekvem arbeidstid.

Alle einingar har ein auke i bruk av overtid og ein må vel kunne seie at auken i bruk av overtid frå 2021 til 2022 er dramatisk. På bakgrunn av «korona-avtalen» som kommunen gjekk inn mot slutten av 2021 og som var gjeldande dei første månadene av 2022 er auken i kroner endå større. I 2022 kosta overtidsbruken 7,3 mill. mot 2,4 mill. i 2021. Utgiftene som kom som følgje av «korona-avtalen» blei kompensert av staten. Bruk av overtid har hatt ein sterk auke dei siste åra. Om ein ser tilbake så var kostnaden til overtid i 2016 0,5 mill. og i 2017 0,7 mill. Ein slik sterk bruk av overtid har mange negative sider, både økonomisk og i høve til arbeidsmiljø.

Naturleg nok er det einingane som har heildøgns drift som har størst innslag av ubekvem arbeidstid og overtid. Her er det sterk overvekt av kvinnelege tilsette og dermed er det og ei stor overvekt av kvinner som må jobbe overtid og ha ubekvem arbeidstid.

7.3 Lønsvivå

Lønsvivå – Kjønn	2020		Ny org.	2021		2022	
	Kvinner	Menn	01.08.2020	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/komm.dir./till.v./ordførar.	504.770	711.950	Felles m.m.	521.771	729.467	539.700	761.250
Eining for skule	520.603	530.879	Oppvekst/kul.	514.200	541.391	516.388	561.570
Eining for barnehage	463.330	315.350					
Eining for kultur	530.600	478.150					
Eining for helse/hab.	466.224	494.433	Velferd	474.264	508.658	495.159	542.192
Eining for omsorg	436.841	558.367					
Eining for teknisk drift	445.670	488.418	Teknisk	499.250	507.163	482.062	531.913
Plankontor	603.800	638.567	Plan/Næring	616.000	635.250	483.700	659.533
Tot. heile kommunen	474.140	522.915		495.253	545.650	504.751	573.423

(Snittløn vert rekna uavhengig av stillingsstorleik).

Tala er berekna utifrå årsløn pr. 31.12. Det er berre teke omsyn til fast grunnløn. Ingen tillegg (faste/variable) er teke med i grunnlaget.

Snittløn for heile kommunen (menn og kvinner samla) er kr 523.503 Dette er kr 14.750 høgare enn i 2021, som utgjør ein vekst på 2,9%. Som ein ser er gjennomsnittsløna for menn høgare enn for kvinner, totalt i heile kommunen. I 2022 er gjennomsnittleg løn for kvinner på 88% samanlikna med snittløn menn. Dette er ein nedgang på 3% samanlikna med 2021.

I 5 av 5 område er snittløn til menn høgare enn snittløn til kvinner. Lønsvivået må sjåast opp mot talet på tilsette i dei ulike kompetanse-gruppene i kvar eining. T.d. er kvinner betydeleg overrepresentert blant ufaglærte og assistentar.

7.4 Stillingsbrøk

Stillingsbrøk – Kjønn	2020		Ny org. 01.08.20	2021		2022	
	Kvinner	Menn		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	77,5%	89,3%	Felles m.m	94,3%	89,3%	89,3	92,5%
Eining for skule	82,4%	90,6%	Oppvekst/kul.	72%	79,2%	74,7%	82,5%
Eining for barnehage	79,4%	72,5%					
Eining for kultur	67,6%	50,5%					
Eining for helse og habillitering	62,7%	54,1%	Velferd	67,7%	65,6%	72%	67,1%
Eining for omsorg	67,6%	85%					
Eining for teknisk drift	83%	37,4%	Teknisk	77,6%	34,3%	79,3%	34,3%
Plankontor	100%	100%	Plan/næring	100%	100%	15%	100%
Tot. heile kommunen	72,9%	63,3%		71,4%	63%	73,7%	65,6%

Gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen (kvinner og menn i saman) er 71,5% mot 69,2% i 2021.

Ein ser at både kvinner og menn har auka sin stillingsandel i 2022 samanlikna med 2021. Utslaga er ikkje store, men ein kan seie at ein har kome eit lite steg nærmare målet om å gå frå deltid til heiltid. Jf. tabellen har menn ein lågare stillingsandel enn kvinner. Ein viktig faktor her er deltidsbrannvesenet, som har 16 menn og 1 kvinne tilsett i 1,4% stilling. Dette gjer utslag på totaltala. Ved å korrigere for dette er gjennomsnittleg stillings-% for menn, 84,3%, som er nær 11 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet for kvinner.

Ein har ikkje talmateriale som seier noko om kor stor del av dei som går på deltid som ønskjer større stilling. Det er ikkje fullt ut teke omsyn til at fleire tilsette har tilsetjingsforhold i meir enn ei eining. Dette gjer til at gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen reelt sett er noko høgare enn tala over viser. Både arbeidsgjevar og tillitsvalte har som målsetting å redusere bruken av deltid, men det er viktig å få fram at ikkje all deltid i kommunen er ufrivillig.

7.5 Vidareutdanning – kompetanseheving

I budsjettet for 2022 var det avsett felles opplæringspott på kr 300.000. Denne potten blei fordelt av AMU i sak 4/22 slik:

Eining for oppvekst og kultur – vidareutdanning lærarar kr 200.000

Eining for teknisk – utdanning brannmannskap (kurs køyring under utrykking) kr 75.000

Fellestenesta – Opplæring i turnusprogrammet GAT – kr 25.000

I tillegg til pott fordelt av AMU blir det og innan ordinære driftsmidlar avsett midlar til kompetanseheving/fagelg oppdatering. Totalt blei det brukt kr 772.000 til opplæring/kurs totalt i kommunen. Dette opp mot budsjettet kr 951.000. Det blei og motteke i overkant av 1 mill. i eksterne tilskot til kompetansetiltak som ein ikkje fekk nytta i 2022 og som blei avsett til bundne fond for bruk i 2023.

7.6 Etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Kommunen har ingen vedteke strategi kring dette. Ein har heller ikkje gjort nokon form for kartlegging av tilsette i høve til etnisitet. Blant kommunen sine tilsette finnast fleire med utanlandsk bakgrunn. Men rekruttering skjer på bakgrunn av ordinær vurdering av kompetanse m.m. og ikkje på bakgrunn av ein vedteke strategi i høve til kvotering eller andre vedtekte rekrutteringsstrategiar.

8. Fråvær

Sjukefråvær:	2018	2019	2020	2021		2022
Felles/rådm./till.v./ordf.	4,82%	3,54%	8,42%	13,73%		8,95%
Eining for skule	4,85%	3,4%	7,02%	5,89%	Oppvekst og kultur	10,53%
Eining for barnehage	5,2%	11,29%	9,24%	14,08%		
Eining for kultur	1,11%	4,14%	4,52%	3,87%		
Eining for helse og hab.	1,66%	5,91%	2,14%	2,39%	Velferd	8,01%
Eining for omsorg	7,87%	5,74%	10,25%	8,22%		
Eining for teknisk drift	8,22%	4,45%	7,71%	11,81%		6,26%
Plankontor	1,11%	9,68%	0,51%	1,27%	Plan og næring	3,09%
Sjølvkost vatn/kloakk	3,17%	3,01%	0,33%	0%		2,35%
Næring	2%	0%	0%	0%		
Totalt heile kommunen	4,88%	6,1%	7,05%	7,79%		8,75%

Sjukefråværet i 2022 var samansett av korttidsfråvær på 2,48% og langtidsfråvær på 6,27% (langtidsfråvær er fråvær utover arbeidsgevarperioden på 16 dagar).

9. Etisk standard

Kommunen har utarbeidd etiske retningsliner, som er vedteke i K-sak 26/08. Etiske retningsliner blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på Compilo, som del av personalhandboka. Leiarforum nyttast til å diskutere praktisering av etiske retningsliner.

10. Årsverk og lønsnivå

Oversikt over utvikling av årsverk siste 3 år:

	2020	Ny org.	2021	2022	Endr. 2020-2022
Ordførar	1,00	Ordførar	1,00	1	0
Komm.dir./felles/tillitsvald	12,11	Felles	11,76	11,76	-0,35
Eining for skule	40,70	Oppvekst/kul.	70,73	76,44	3,04
Eining for barnehage	27,64				
Eining for kultur	5,06				
Eining for helse og hab.	33,70	Velferd	69,45	73,03	5,68
Eining for omsorg	33,65				
Eining for teknisk drift	16,37	Teknisk	17,39	17,58	1,21
Plankontor	5,15	Plan/næring	6,15	6,15	1
Totalt heile kommunen	175,38		176,48	185,96	10,58

Tala som er oppgitt er i høve til faktiske tilsette. Tilsette i uløna permisjonar er ikkje teke med. På Oppvekst/Kultur er veksten frå 2020 til 2022 i hovudsak knyt til etablering av stillingar innan integrering av flyktingar (konsulent/vaksenopplæring/ressurs skule og barnehage), ungdomslos og auke spesialundervisning. I tala for 2020 er delar av flyktingtenesta med. På Velferd er veksten i årsverk knyt til etablering 80/100-ordning på ein turnus på Kåsa, etablering av ein turnus ny brukar Kåsa og etablering av prosjektstillingar. På teknisk kan auke forklarast med overføring av reinhaldsstillingar på omsorgsenteret som er blitt overført teknisk eining. På plan og næring er veksten på bakgrunn av etablering av stilling som næringssjef.

11. Vurdering av endring i økonomisk situasjon/utvikling.

Opphavleg budsjett for 2022 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 0,63%. I justert budsjett var dette endra til eit netto driftsresultat på 0,57%. Bruk av fond/felles buffer blei og endra frå opphavleg budsjett på bruk av fond på 0,4 mill. til justert budsjett med avsetning til fond på 2,1 mill. Rekneskapen synte til slutt eit netto driftsresultat 0,9 mill. (0,38%). Rekneskapen gav ei avsetning til fond på 5,3 mill. Ein kan derfor seie at det har vore ei positiv utvikling gjennom året. 2022 var eit svært «uroleg» år økonomisk sett, med store utslag/endringar i løpet av året på mange postar. Gjennom tertialkontrollar og andre vedtak har det blitt innarbeidd store endringar av budsjettet. Inntekt frå konsesjonskraft var i opphavleg budsjett sett til 8 mill., men enda opp med 20,2 mill. Skatt på inntekt formue fekk ein auke på nær 8 mill. frå opphavleg budsjett til rekneskapen blei gjort opp. Straumutgifter var i opphavleg budsjett sett til 3,3 mill., men rekneskapen synte 10,6 mill. Renteutgifter var i opphavleg budsjett sett til 3,7 mill. og rekneskapen synte 6,6 mill. Overtid var i opphavleg budsjett sett til 0,9 mill., men enda med ei utgift på 7,3 mill. i rekneskapen. Det har og vore stor usikkerhet gjennom året i høve til skjønnsmidlar knyt til korona og skogbrann. Det er store investeringsprosjekt som er i gang og under planlegging/prosjektering. Desse prosjekta vil og innverke sterkt på den økonomiske situasjonen framover. Mange av dei momenta som har skapt store utslag i driftsbudsjettet i 2022 vil og vere gjeldande i 2023 og truleg lenger enn dette.

Gjeldande økonomiplan syner at ein i planperioden vil ha ein situasjon der ein kan bygge opp den økonomiske bufferen ytterligare. Rekneskapen for 2022 bygger opp om dette biletet av utviklinga dei næraste åra. Men rekneskapen 2022 syner og at ein er blitt svært avhengig av kraftinntekter på eit svært høgt nivå for å kunne oppretthalde eit driftsnivå som det ein har hatt i 2022. Inntektene frå kraftproduksjon kan variere sterkt, og det bør derfor vere eit mål, i eit lengre perspektiv, og ikkje nytte alle kraftinntekter fullt ut til å finansiere driftsbudsjettet. Det er på denne bakgrunn sett opp som eit punkt i handlingsprogrammet at kommunen skal gjere endringar i driftsnivået, slik at ein har oppnådd samsvar mellom varige inntekter og utgifter i driftsbudsjettet i 2025/2026 når kraftinntektene jf. prognoser vil falle betydeleg.

Det er og grunn til å merke seg folketalsutviklinga siste åra, som og vil gje økonomiske utfordringar om det held fram. Dette gjeld både nedgang i folketallet totalt sett og den «forgubbinga» som ein ser ved framskriving av utvikling/samansetning av befolkninga. Litt enkelt sagt vil dette medføre at inntektene går ned og utgiftene opp. Sjølv om det i 2022 var ein vekst i folketallet, så kan denne veksten i stor grad knytast til busetjing av flyktingar. Dette blir å sjå som ein «kunstig» tilvekst av innbyggjarar og endrar ikkje biletet av at kommunen nå har utfordringar med folketalsutviklinga.

Dei store investeringane innan VA skal i utgangspunktet dekkast innanfor prinsippet om sjølvkost. Potensialet for nye abonnentar og inntektsauke er stort, og det vert ikkje vurdert som stor risiko for at anna kommunal drift må subsidiere desse tenestene. Men det er viktig å understreke at nivå på driftsbudsjettet på VA gjer til at ein i dei komande åra må auke gebyrnivået innan VA, slik ein gjorde i samband med budsjett 2023. Det er og under planlegging ei større ombygging/rehabilitering av Tveit skule/Nissedal ungdomskule, truleg i storleik 30-40 mill. Dette prosjektet er ikkje innarbeid i budsjett/økonomiplan og vil slik sett gje utfordringar i tillegg til dei som allereie er omtala over frå 2025/2026.

Totalt sett vurderer ein den økonomiske stoda framleis som stram, men under kontroll.

Sverre Sæter
Kommunedirektør
Treungen 24. mars 2023

12. Aktivitetsnivået på utvalde område:

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Kommunestyresaker (m)	89(8)	87(8)	76(8)	85 (8)	88(8)	79(7)
Formannskapssaker (m)	152(12)	144(13)	134(12)	153 (13)	133(11)	118(12)
Administrasjonsutv.s .(m)	11(4)	9(4)	7(2)	5 (3)	3(2)	3(2)
Arbeidsmiljøutv.s .(m)	14(4)	11(4)	22(4)	20 (4)	4(12)	15(4)
Kontrollutvalsaker (m)	34(4)	25(4)	31(4)	31 (4)	40(4)	32(4)
Besøktal turistinformasjon	2 150	2470	2386	3501	3.625	2.599
Elevtal grunnskule	172	179	194	201	178	193
Årstimar til undervisning	15.780	16.619	15.974	17.033	16.653	17.052
Barnehageborn	85	85	75	64	62	58
Bokutlån	7.614	7.700	4.563	4.070	4.429.	5.215.
Besøk biblioteket	7.200	5.572	6.920	1.357	1.650	2.259
Kultur- og musikkskulen t/v	21,67	23,82.	23,28	23,55	24,33	26,01
Kultur- og musikkskulen elevtal (dans i tillegg)	58(+31 danserar i 6mnd)	61 (+26 danserar i 6 mnd.	58 (+24 danserar i 6 mnd.	56 (ikkje danse-gruppe)	59 (ikkje dansegruppe.)	66 (teatergruppe del av ord. tilbod)
Kulturskuletimen	48	55	52	0	0	0
Barnevernstiltak (tal - barn)	12	9	11	14	13	16
Vedtak pleie og omsorg	217	171	172	242	268	258
NOS 19 plass+1akuttrom						
Sal plassar (døgn/pas.)	3/1	83/5	85/6	0/0	0/0	5/1
Liggedøgnstatistikk.	95,23%	79,75%	82,87%	79,55%	68,22%	71,62%
Dødsfall på institusjonen	6	11	12	8	6	7
- Brukarar som mottar heimesjukepleie/ helsehjelp	71	78	82	77	79	81
Delegerte vedtak byggesaker, etter PBL, §20-3 og 20-4	146	124	114	152	199	159
- Nye frådelingar	121	76	76	84	126	197
- Godkjente reguleringsplanar	1	1	0	0	1	2
Brannutrykkingar	16	27	27	22	28	37

13 Visjon (kapittelet er henta frå kommuneplanen)

Nissedal – der gode liv levast

Nissedal kommune sin visjon «*Nissedal – der gode liv levast*», er ny i kommuneplanen. Visjonen understrekar at Nissedal er ein god stad å leve, og slik skal det fortsetje å vere.

Kva som er eit godt liv kan opplevast ulikt, både mellom enkeltindivid, ulike kulturar, aldersgrupper osv. I arbeidet med denne planen har me m.a. lagt til grunn at:

- Me må trivast
- Me må kjenne oss inkludert
- Me må få hjelp når me treng det
- Me må ha valfridom
- Me må ha økonomisk tryggleik
- Me må vere til nytte

I høve til tidlegare planar har denne planen eit større fokus på samfunns- og innbyggjarspektivet, enn på den kommunale tenesteytinga. Det er lagt til grunn at det er i fagplanar og økonomi- og handlingsplan at konkrete mål og tiltak vert vedteke.

Folketal

Å oppretthalde, og helst auke, folketalet i kommunen har stor innverknad på at alle også i framtida kan leve det gode liv i Nissedal. Med færre innbyggjarar blir det sosiale miljøet snevrare og mindre attraktivt, og det vil heller ikkje vere mogleg å vidareføre dei gode kommunale tenestene slik dei er i dag.

Visjonen og positiv folketalsutvikling heng sterkt saman. Så lenge det opplevast at det gode liv levast i Nissedal, vil kommunen også vere attraktiv for busetjing. I tillegg vil skaping av næringsattraktivitet og arbeidsplassar kunne gje positiv effekt på folketalsutviklinga.

Folkehelse

Innbyggjarar som er livskraftige og glade får overskot, meistrar eige liv, treng mindre helsehjelp og bidreg i lokalsamfunnet. Alt ein gjer i kvardagen kan i større eller mindre grad påverke helsetilstand og trivsel, og difor skal kommunen leggje til rette for at folk kan gjere gode og helsefremjande val. Fokus i barnehage og skule på livsmeistring, inkludering og trivsel er viktige faktorar i utviklinga av god folkehelse. God folkehelse gir gode liv.

Berekraftig samfunnsutvikling

Kommunane er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling. Dei er nærast befolkninga, lokale verksemder og organisasjonar, og samstundes ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til befolkninga.

Å vidareutvikle Nissedal som eit berekraftig velferdssamfunn der det blir skapt verdiar og arbeidsplassar inneber å balansere ønskje om større aktivitet med berekraftige rammer. Vekst i reiseliv og meir bruk av fritidsbustader gir grunnlag for lokal vekst og arbeidsplassar, med utvikling av infrastruktur og tenestetilbod som også er til nytte for fastbuande. Fritidsbustader inneber samstundes meir utbygging, transport, ferdsel og slitasje i natur- og friluftsområde.

Åtferdsverdiar

Det er i relasjon med andre menneske livet levast. Korleis ein opplever menneska rundt seg har mykje å bety for «det gode liv».

Åtferdsverdiar vi ønskjer skal prege dei mellommenneskelege relasjonane i Nissedal:

Saman er vi rause, respektfulle, omtensame, inkluderande, blide og stolte.

14 Hovudmål (jf. kommuneplanen)

Nissedal - ein god og trygg stad å leve gjennom heile livet

4.1.1 I Nissedal har me livskraftige og glade innbyggjarar som tek ansvar for eige liv

4.1.2 I Nissedal har me engasjerte innbyggjarar som deltek i frivillig arbeid til gode for fellesskapet

4.1.3 I Nissedal har innbyggjarane tilgang til arbeid og økonomisk tryggleik

4.1.4 I Nissedal verdsett me initiativ og nytenkning og grip sjansene som byr seg

4.1.5 I Nissedal legg me til rette for at det er mogleg å busetje seg der ein ønskjer

4.1.6 I Nissedal får innbyggjarane gode kommunale tenester etter behov

4.1.7 I Nissedal har me eit inkluderande og trygt samfunn, med levande grender og eit felles sentrum i Treungen

4.1.8 I Nissedal er det innbyggjarane som skapar framtida

Nissedal – ein attraktiv stad å drive næringsverksemd

4.2.1 I Nissedal utviklast eksisterande og nytt næringsliv i tett samarbeid mellom kommunen og privat næringsliv

4.2.2 I Nissedal er reiselivsbasert næringsutvikling eit hovudsatsingsområde

4.2.3 I Nissedal er det ein arealpolitikk og ein infrastruktur som stimulerer til nyskaping og etablering av ny næringsverksemd

4.2.4 I Nissedal er naturen grunnlaget for berekraftige verksemd

4.2.5 I Nissedal utnyttast potensialet for ei kulturbasert næringsutvikling

4.2.6 I Nissedal etablerast det nye kompetansearbeidsplassar

Nissedal – tek miljø- og klimautfordringane på alvor

4.3.1 I Nissedal skal det vere like naturleg å ta omsyn til berekraftperspektivet som kost/nytte-perspektivet, både i dagleg tenesteproduksjon og i

4.3.2 I Nissedal stillast vasskrafta til disposisjon for ein klimatilpassa produksjon av fornybar energi til fellesskapet

4.3.3 I Nissedal formidlast kunnskap og haldningar som fremjar eit berekraftig samfunn

4.3.4 I Nissedal utviklast ei berekraftig hytteutbygging

4.3.5 I Nissedal skal innbyggjarane få vass-, avløp- og renovasjonstenester av svært høg kvalitet

4.3.6 I Nissedal blir landbruket med jord-, skog- og utmarksressursane drive

15. Handlingsdelen – Måloppnåing og gjennomføring av tiltak

15.1 Sentral leiing

Sentral leiing utgår frå kommunen si rådmannsgruppe med kommunedirektøren sjølv og to kommunalsjefar. Kommunedirektøren si leiargruppe er Leiarforum der einingsleiarane og plansjefen jamleg møter rådmannsgruppa.

Politiske saker vert utgreidd av sakshandsamar, som ofte er ein av einingsleiarane eller plansjefen, men tilrådinga er kommunedirektøren si. Dette systemet er basert på det me kallar for fullført sakshandsaming, som i praksis betyr at sakshandsamar skriv saka med konklusjon og tilråding. Sentral leiing er rettleiarar i saksprosessane.

Kommunedirektøren har eit overordna personalansvar i kommunen. Kommunedirektøren har møter i arbeidsmiljøutvalet og kontaktmøter med hovudtillitsvalte.

Lokale lønnsforhandlingar blir gjennomført saman med fagsamanslutningane og rådmannsgruppa.

Sentral leiing har eit overordna ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidarsamtalar, og at HMS er i eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Felles mål for heile organisasjonen

- Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.
- Kommunen skal opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider med å førebygge og redusere sjukefråvær, styrkje jobbnærværet, betre arbeidsmiljøet og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet
- Gjennom oppdaterte reglement, retningsliner og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.
- Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.
- Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.
- Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre

Felles tiltak for heile organisasjonen

- Utvikle vidare program for opplæring av mellomleiarar.
Sentral leiing og Fellestenesta bruker dette forumet for jamleg kompetanseheving til leiarane i kommunen.
- Fullføre arbeidet med å lage stillingsomtalar for stillingar med endra innhald etter omorganiseringa
Ikkje fullført
- Ta i bruk internkontrollsystemet Compilo i heile organisasjonen
Compilo er tatt i bruk, men ein må framleis jobbe for at systemet blir brukt aktivt til det som det skal tene.
- Fullføre arbeidet med å lukke avvik frå Statsforvaltaren på beredskapsområdet
Overordna ROS-analyse vart vedteke av kommunestyret i oktober. Arbeidet med overordna beredskapsplan kom godt i gjenge mot slutten av 2022, og framlegg til endeleg plan er klar til kommunestyret i mai -23. Arbeidet med lukking av avvika blir gjort i samarbeid med Statsforvaltaren.
- Alle tenestebilar som blir kjøpt inn skal vere null-utsleppsilar.
Teke til vitande
- Det utgreiast utleige av kommunale bilar.
Saka vart vedteke av kommunestyret i desember. Etter vedtaket har det vist seg at forsikring av utleigekøyretøy kan skape problem for ordninga.
- Det gjennomførast nærare analyse av budsjett til eining for velferd.
Ikkje starta opp
- Utgreie betre system for SMS-varsling til innbyggjarane.
Ikkje starta opp
- Implementere tilstrekkelege rutinar for GDPR i Nissedal kommune.
Under arbeid

15.1.1 Fellestenesta

Fellestenesta har 7,35 årsverk fordelt på 10 personar. Fellestenesta er leia av kommunalsjef økonomi. Av tenester som ligg til fellestenesta kan nemnas, resepsjon/sentralbord, rekneskap, løn, fakturering, arkiv/post, personal, møtepapir, heimeside. Nettoramme for dei ansvarsområda som utgjør fellestenesta er 3,5 mill.

Mål for tenestene

- Halde eit forsvarleg og godt fagleg nivå på dei administrative tenestene som ligg til fellestenesta
- Yte god støtte til leiarar og andre tilsette i einingane som jobbar med administrative/merkantile oppgåver.
- Oppnå i størst mogleg grad at nøkkelkompetanse er fordelt på meir enn ein person, for å redusere sårbarhet ved fråvær.
- Oppnå effektivisering ved å automatisere/digitalisere/forenkle utan at kvaliteten på arbeidet blir redusert.

Tiltak

- Overgang til ny versjon av sak/arkivsystemet.
Overgang til Elements er gjennomført. Nokre funksjonar står att å få til fungere. Derfor er tidlegare system (ephorte) fortsatt parallelt operativt. Kort tid etter årsskifte vil ephorte bli lukka og heile organisasjonen vil frå då av nytte Elements som sak/arkivsystem.
- Få etablert rutinebeskrivelsar for alle sentrale arbeidsområde.
Arbeidet er godt i gang på dei fleste område. Når det utarbeidd rutinar/prosedyrer for alle område vil desse bli lagt inn i Compillo. Rapportering til kontrollutvalet blei gjort i september. Frist for endeleg rapportering til kontrollutvalet utsett til våren 2023.
- Vurdere intern arbeidsfordeling på felles og avklare ansvar/arbeidsfordeling med Kviteseid i høve til samarbeidsområde løn/rekneskap.
I samband med tilsetjing av ny medarbeidar inn i samarbeidet er denne avklaringa blitt aktualisert og i samråd med Kviteseid kome eit godt stykke vidare på avklaring av ansvar/oppgåver. Men det står att å formalisere denne fordelinga.
- Legge til rette for ein god opplæring av nytilsette som byrja mot slutten av 2021 og som blir tilsett i 2022.
Det blei eit skifte av nytilsett lønsmedarbeider i 2. halvår. Overlappingsperiode blei derfor kortare enn planlagt. Men på bakgrunn av at nytilsett lønsmedarbeider hadde god erfaring, synas ikkje behovet for overlapping å vere like stort.
- Vurdere teknisk utstyr for web-overføring av kommunestyremøte.
Det har over tid blitt gitt tilbakemelding om dårleg lyd og på kommunestyremøte. I 2. halvår kom det på plass nytt lydanlegg. I tillegg er ein PC som er knyt til dette utstyret bytta ut. Kostnad blei omlag kr 25.000 (eks. mva).

15.1.2 Interkommunale samarbeid

Nissedal kommune har skilt ut delar av kommunen si verksemd i interkommunale samarbeid, interkommunale selskap og aksjeselskap. Fleire av desse er eigne rettssubjekt og blir ikkje regulert av kommunelova.

Val av organisasjonsform legg rammene for kva høve kommunestyret har til styring av desse verksemdene. Fristilte selskap har eigne selskapsorgan og er regulerte av særskilt regelverk, som mellom anna omhandlar forholdet mellom eigarane (kommunen) og selskapsorgana. Dette gjev utfordringar når det gjeld demokratisk folkevald styring, innsyn og kontroll av verksemda. Eigarsstyring og selskapskontroll er kommunesektoren sitt verkty for å møte desse utfordringane.

Ei eigarskapsmelding skal gjere tydeleg kva kommunen vil med sitt eigarskap, formål og langsiktige mål og grunnleggande prinsipp som skal gjelde for selskap som kommunen vel å nytte for delar av si verksemd. Vidare skal ei eigarskapsmelding innehalde ein oversikt over dei føretaka og selskapa som kommunen er eigar i og eigarstrategi for det einskilde selskap.

Eigarskapsmeldinga skal ikkje nyttast til å detaljstyre selskapa. Når kommunen vel å leggje ein del av sine verdiar inn i eit selskap, medfører det og ei overføring av styringsrett til verksemda. Kommunen må trekkje opp ei ytre ramme av prinsipp og reglar, og innafor denne eigarstrategien må selskapet ha ein stor grad av spelerom.

Kommunen kan som medveten eigar utøve sitt eigarskap gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Om kommunen gjer dette godt nok, vil koma fram gjennom eigarskapskontroll som kommunens kontrollutval utøver som del av selskapskontrollen i kommunen. Heimel for selskapskontroll finn me i kommunelova §77, jf. i tillegg §80 om innsynsrett i selskap. Plan for selskapskontroll for kvar fireårsperiode skal leggjast fram for kommunestyret seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, jf. Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Gjennom denne planen vil kommunestyret vedta kva for selskap som skal undersøkjast, anten som eigarskapskontroll (obligatorisk) eller forvaltningsrevisjon (friviljug).

Eigarsstyringsprinsipp i Nissedal kommune

1. Kommunen skal definere føremålet med selskapet (alle selskapsformer) og skal som eigar gje klare langsiktige mål for selskapa gjennom eigarstrategi for det einskilde selskap. Kommunen skal setje utbyte- og avkastningsmål for selskapa.
2. Nissedal kommune fremjar sine interesser gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Kommunen føreset at styret sjølv kontrollerar leiinga av selskapet på vegne av eigarane.
3. Kommunens formelle eigarorgan er kommunestyret. Kommunestyret har eit tilsyns- og kontrollansvar for kommunens eigarskap, og vedtek eigarmelding og eigarstrategiar for dei selskapa kommunen har eigarinteresser i. I selskap med fleire eigarkommunar bør kommunane utarbeide felles eigarskapsmelding og utbytepolitikk.
4. Årsmeldingar blir lagt fram for kommunestyret, som og skal få jamleg informasjon om selskapa. Kommunestyret går i starten av ny kommunestyreperiode gjennom dei selskapa som dei ønskjer selskapskontroll for.

5. Det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa. Styra skal setjast saman ut frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål. Styret sitt arbeid skal evaluerast jamleg.
6. Godtgjersle til styret skal vera på moderat nivå, men rimeleg ut frå styrets ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten til arbeidet. Leiars lønsnivå bør vera konkurransedyktig, men ikkje lønsleiande.
7. Selskapa skal vere medvetne om sitt samfunnsansvar, og særleg vektlegge arbeid mot misleghald og korrupsjon, rett og effektiv ressursbruk ved anskaffingar , høg standard på arbeidet med helse, miljø og tryggleik, likestilling, mangfald og samfunnstryggleik.
8. Nissedal kommune sine etiske retningslinjer skal ligge til grunn for den verksemda som vert drive i selskap der kommunen har eigarinteresser. Selskapa bør ha eigne etiske retningslinjer.
9. Nissedal kommune skal vera open om sin eigarstrategi og selskapa si verksemd, og informasjon skal vera tilgjengeleg for alle.
10. Nissedal kommune sine styrerepresentantar skal vera registrert i styrevervregisteret.

Nissedal kommune har eigarinteresse i desse selskapa og samarbeida:

Renovasjon – IATA

Vest-Telemark brannsamorbeid

Vest-Telemark pedagogiske – psykologiske teneste IKS

Vest-Telemarkrådet

Vest-Telemark Barnevernsamarbeid

Nav Vest-Telemark

Telemark innkjøpssamarbeid TIS

Interkommunalt landbrukskontor

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid.

Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

Mål for Landbrukskontoret

- Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.

Landbruket skal vere ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Tiltak

- Følgje opp endra søknads- og kontrollrutinar for skogbruket i samsvar med krav frå Fylkesmannen i Telemark
Arbeidet er kontinuerleg ettersom rutinane er i endring, og mykje av kommunikasjonen med skogeigar skal skje digitalt, t.d. via Altinn.
- Ha merksemd på oppfølging av bu- og driveplikta i kommunen.
Oppfølginga skjer kontinuerleg med kontroll av busetjing og drift av innmark.

Landbrukskontoret har frå 1.10.2021 fått redusert bemanninga med 0,6 stilling, og ein er difor ennå inne i ein omstillingsperiode som krev omorganisering av rutinar og arbeidsoppgåver.

Viltforvaltning

Kommunen har eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Den praktiske delen av forvaltninga skjer i Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjorteviltvilt, og skadefelling.

- Nissedal viltlag er bestandsplanområdet for dei ni valda i kommunen. Ny bestandsplan for elg, hjort og rådyr vart vedteken i sommar, og gjeld for åra 2022 t.o.m. 2026. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjorteviltvilt, og skadefelling. Ein prøvar å få på plass ein godkjent kontrollstad for mellom anna fallvilt i Kyrkjebygda, dette for å møte nye EU-krav for godkjenning av viltkjøt etter endringar i animaliehygieneforskrifta gjeldande frå 01.07.2022.

Miljø

Kommunen har delteke i eit prosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre. Prosjektet er avslutta og det er utarbeida ein regional plan med tiltaksprogram for heile vassregionen Agder. Kommunen skal følgje opp arbeidet i handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassområdet Nidelva.

- Nissedal kommune vedtok i kommunestyremøtet 16. juni 2022 å delta i finansieringa av ein felles vassområdekoordinator for organisering av vassområda Nidelva og Gjerstad-Vegår, initiert av Agder fylkeskommune. Bakgrunnen er oppstart av ny planperiode for vassforvaltninga, 2022 – 2027.

Samla for rammeområde felles:

Kompetanseutvikling:

Internopplæring av utvida leiargruppe er blitt vidareført i 2022. Dette dels med ekstern kompetanse og dels med interne krefter. I tillegg har lønskonsulentar gjennomført opplæring i høve til GAT (turnusprogrammet).

Sjukefråvær:

På rammeområde felles har det i 2022 vore eit sjukefråvær på 8,95%. (Under felles inngår ordførar, kommunedirektør, kommunalsjefar, fellestenesta, tillitsvalte og læringar). Dette er eit høgt fråvær, men det er likevel ned samanlikna med 2021, då det var 13,73%. Fråværet fordeler seg med 1,7% på kortidsfråvær og 7,25% på langtidsfråvær. Det er få tilsette på rammeområdet og nokre frå langtidssjukemeldingar gjer store utslag i statetikken.

Kommentar til rekneskapen:

På rammeområde felles er det eit stort mindreforbruk på kr 2.451.000. Dette store budsjettavviket kan i hovudsak knytast til eit par større moment.

I 2. tertial blei konsesjonskraftinntektene auka med kr 3.478.000 til kr 18.565.000, jf. den prognose som låg føre på dette tidspunkt. I etterkant viste det seg at inntektene blei 1,6 mill. over dette att og det blei dermed eit stort budsjettavvik på denne posten.

I 2. tertial blei det løyva 1,5 mill. til straumstøtte til lokalt næringsliv. Då dette blei lyst ut synte det seg at var lite behov for denne type støtte og det blei fram til årsskifte berre utbetalt kr 150.000 på denne ordninga og det oppsto dermed eit stort avvik også på denne posten.

Lønspotten for heile kommunen blei i 2. tertial styrka med kr 300.000. Dette med tanke på at dei tilsette som ennå var i konflikt (Utdanningsforbundet m.fl.) ville få eit oppgjør på line med det andre tilsette hadde fått og med same virkningstidspunkt. I tillegg var det gjort eit anslag på kva lokale forhandlingar ville utgjere i auke lønsutgifter. Tvungen lønsnemnd for tilsette i konflikt blei ikkje avgjort før i februar 2023. Virkningstidspunkt blei sett til september 2022, då streiken blei avslutta ved at den gjekk til tvungen lønsnemnd. Dermed blei det eit kortare virkningstidspunkt for denne gruppa enn for andre tilsette og dermed redusert kostnad for denne delen av lønsoppgjoret. I tillegg kjem at det ikkje er mogleg å endre budsjettet etter årsskifte. Dermed blei heller ikkje budsjettet for lønspott redusert med etterbetalinga frå september og ut året. Følgelig blei heller ikkje dei lønspostane dette gjaldt budsjettjustert for og det blei derfor ein ubudsjettert kostnad på ulike avdelingar for dette.

I 2. tertial mottok kommunen ei prognose som synte samsvar mellom budsjettsum overføring NAV og prognose for utgifter. Då oppgjør for 2022 kom omlag 3 mnd. seinare synte dette ein «budsjettsprekk» på kr 910.000. Dette vert forklart med m.a. at busetjing av flyktningar siste kvartal. Det tek ofte litt tid å kome i gang med introduksjonsprogrammet og då blir NAV den som må syte for livsopphald. NAV opplyser om at trenden med aukande utgifter er den same i alle Vest-Telemark kommunar og dette kan indikere at årsaken er meir samansett enn busetjing av flyktningar, då det er forskjellar Vest-Telemark kommunane i mellom i høve til busetjing av flyktningar siste kvartal.

Overføring barnevern blei i 2. tertial justert ned med 930.000, med bakgrunn i reduserte tiltaksutgifter. Då oppgjøret for barnevern kom var det kr 257.000 over justert budsjett. Dette skuldast då nye tiltak sett i verk eller auka omfang av eksisterande tiltak i siste kvartal. Det var ved årsskifte 16 barn med aktive tiltak, mot 13 på same tidspunkt i 2021.

Renter på kraftfond utgjør er ein del av avkastning på kraftfond. Desse renteinntektene blir inntektsførd på sentrale inntekter, men avsett under felles. Renteinntektene på kraftfondet kr

173.000 meir enn budsjettert. Dette blir då eit avvik på inntekter på sentrale inntekter og tilsvarande avvik på utgiftssida på rammeområde felles.

På lønsutgifter er det eit meirforbruk samla på felles på kr 152.000. Dette er spreidd ut på mange ulike ansvar. Det største avviket (kr 46.000) er på interkommunalt løn-/rekneskapskontor på bakgrunn av at det var lagt opp til ein overlappingsperiode ved nyttilsetting. På ansvar rådmann er det og ei overskriding pga. av utbetaling av ikkje avvikla ferie (kr 39.000). Det er og ei overskriding av post for tapt arbeidsforteneste på formannskapet (kr 21.000).

15.2 Eining for oppvekst og kultur

15.2.1 Heile eininga

Eining for oppvekst og kultur består av barnehage, grunnskule, SFO, vaksenopplæring, flyktingtenesta og kultur.

Budsjettramme heile eininga: netto kr 47.610.000

Årsverk heile eininga: Omlag 68

Leiinga har ein sentral administrasjon med einingsleiar og pedagogisk konsulent i 100% stilling kvar. Logopedstillinga i kommunen på 27% og spesialpedagog for barnehagane i 50% ligg også her. Budsjettramme administrasjon: 2 625 000 kr

Felles planar for eininga:

- Kva gjer me når me er bekymra for eit barn (Modellkommuneplanen)
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»

Felles mål for heile eininga

- Gode tilbod for barn og unge i Nissedal kommune, dag og kveld. (4.1.6)
- Arbeide aktivt for å avdekke barn og unge som lever under urovekkjande forhold. (4.1.7)
- Fokus på livsmeistring (4.1.1)

Felles tiltak for heile eininga

- Strategisk arbeid i leiargruppa (einingsleiar, pedagogisk konsulent, kultursjef, styrarar og rektorar) for å finne gode samarbeidsområde
Vi er svært tilfredse med felles leiarmøte i den nye eininga, og har utvida tida frå 2 til 3 timar per måned. Det er mykje aktuelt å diskutere som gjeld heile eining for oppvekst og kultur.
- Vere aktive brukarar av modellkommuneplanen
Er i bruk, Anita har vore på leiarmøte i eininga og fortalt om revideringsprosessen som gjeng føre seg
- Gjennomføre vernerundar kvart år, og følgje opp tiltak i handlingsplan etter vernerunde gjennom året.
Utført
- Tettare samarbeid med barnevernet, jf. Barnevernreformen
- **Fokus på dette.**
- Delta i prosjekt «Rusfri, Robust og Rettferdig» (Skule og kultur)
Godt samarbeid etablert
- Delta i prosjekt med Foreldreutval for barnehagar (FUB) og Foreldreutval for skular (FUG) for å vidareutvikle foreldresamarbeidet
Her er vi godt i gang. I 2022 er det gjennomført foreldremøte og opplæringsdag med alle tilsette i barnehage og skule på "Dialogmodellen". Dialogmodellen er utført på foreldremøter i barnehage og skule.
- Delta i «Partnerskap for inkludering og ung deltakelse i Vestfold og Telemark» i regi av KS
Vi er med. Kommunestyret handsama sak om deltaking i mars, sak 6/22. Kristin Vågen blei vald inn som politisk representant. Partnerskapet skal nyttast til å utarbeide oppvekstplan.
- Felles arbeid med å førebu og følgje opp Statpedreforma (Meld. St. 6 «Tett på»)
Staten har utvikla "kompetanseløftet" som ein hjelp til kommunane. Forum for utdanning i Vest-Telemark vil sende felles søknad om å bli med frå hausten 2023.

- Felles arbeid med å førebu og følge opp barnevernsreforma lokalt
Under arbeid, særleg i barne- og ungdomsteamet. Er sentralt i arbeidet med oppvekstplanen.
- Arbeide med system for internkontroll
Under arbeid
- Revidere Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
Utført

Endringar i planperioden

- Total utfasing av flyktingtenesta frå 2022.
Ny flyktingteneste har blitt etablert og vi tok imot 29 flyktingar i 2023.

15.2.2 Grunnskule og SFO

Nissedal kommune har to barneskular og ein ungdomsskule. Kyrkjebygda oppvekstsenter ligg i Kyrkjebygda og Tveit skule ligg i Treungen. Desse to skulane er 1-7 skular, der Kyrkjebygda er ein tre-delt skule og Tveit er ein fulldelt skule. Nissedal ungdomsskule er felles og ligg i Treungen. Tveit skule og Nissedal ungdomsskule har felles administrasjon og rektor. Ved begge skulane har ein SFO, samt ein SFO-avdeling i samarbeid med Felle barnehage. Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for oppvekst og kultur er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte, samt gjennom nasjonale og regionale føringar og samarbeid.

Prognose elevtal planperiode

Basert på tal frå skuleadministrativt system og helsestasjon 21.09.21

Skule	2021- 2022	2022- 2023	2023- 2024	2024- 2025	2025- 2026
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. skule 1.-7. klasse	32	35	31	30	29
Tveit skule, småskulen 1.-4. klasse	50	56	45	44	41
Tveit skule, mellomsteget 5.-7. klasse	48	41	45	41	39
Nissedal ungdomsskule 8.-10. klasse	54	63	61	59	54
Elevtal totalt i kommunen	184	195	182	174	163

Det er totalt omlag 38 årsverk i skule og SFO.

Skule og SFO har ei budsjetttramme på godt og vel 28 millionar årleg. Ein anslår foreldrebetaling i SFO i 2021 til omlag 310 000 kr inntekt.

Lovverk:

- Opplæringslova med forskrifter
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 «Fagfornyinga» (LK20)
- Rammeplan for SFO

Planar:

- Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»
- Plan for skule-heimsamarbeid
- Leseplan
- Plan for Vurdering for læring
- Forskrift til ordensreglement
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»

Mål for tenestene

- Nissedalsskulen skal ha eit godt læringsmiljø og vere ein stad der barn og unge trivst (4.1.1, 4.1.7)
- Nissedalsskulen har folkehelse og livsmeistring i fokus (4.1.1)
- Tilpassa opplæring innanfor fellesskapet er ein del av det ordinære opplæringstilbodet (4.1.6)
- Tidleg innsats, både fagleg og sosialt, blir prioritert (4.1.1)
- Opplæringa i Nissedal kommune skal vere av høg kvalitet, utviklingsorientert og i tråd med nasjonale føringar og lokale forventningar (4.1.6)
- Vi er gode samarbeidspartnarar med foreldre og tenester som PPT, barnevern og skulehelsetenesta (4.1.8)
- Vi arbeidar stadig for å sikre god brukarmedverknad (4.1.8)

Tiltak

- Følgje opp og vere pådrivar i sak om renovering av skulebygga på storskulen (Tveit skule/Nissedal ungdomsskule)
Arbeidet med å kartlegge tilstanden til Tveit skule/Nissedal ungdomsskule er gjennomført i løp av 2022. Planen skal opp i formannskapet og prosjekterings- og byggenemnda februar 2023 . Rektor sit i arbeidsgruppa og har vært en aktiv deltakar gjennom heile prosessen, og skal delta i det vidare arbeidet.
- Ta i bruk ny rammeplan for SFO
Rammeplan for SFO er teke i bruk. Det er nasjonalt innført 12 gratis SFO-timar for 1.trinn i nytt skuleår. Nissedal har gitt desse timane flatt, dvs. ikkje festa til bestemte tider. Dei tilsette i SFO har jobba målretta og godt, og tilbodet er no etablert.
- Bruke modellkommuneplanen aktivt ved bekymring kring barn
Planen blir nytta kontinuerleg.
- Delta i det fylkeskommunale «Liv og røre»-prosjektet for å syte for meir fysisk aktivitet i skulekvardagen
Vellukka samlinga for Vest-Telemark blei halde i Nissedal i mai var og gav eit nytt løft for satsinga i nytt skuleår. Skulane har hatt besøk av resursperson frå Liv og røre Telemark som presenterte eit opplegg ved bruk av læringsbrettet. Rektor deltok på Ambassadørsamling i Langesund november 2022.
- Syte for gode overgangar ved å ta i bruk den nyleg reviderte planen for overgangar «Frå eldst til yngst». (Revidert hausten 2020)
Nyttar planen aktivt i overgangane mellom barnehage, barneskule og ungdomsskule.
- Vi skal legge til rette for læring innanfor dei tre tverrfaglege temaa i LK20: folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap og bærekraftig utvikling. Pågåande arbeid med å sette seg inn i den nye læreplanen
Arbeidet med dette er i gang frå august 2022 ved baa skulane.
- Vi arbeidar med opplæringas verdigrunnlag i overordna del av læreplanverket. Mellom anna med fokus på skaparglede, engasjement og utforskartrong, for å stimulere til innovasjon og ideen om å skape eigne arbeidsplassar.
Ny rådgjevar blei tilsett ved Nissedal ungdomsskule hausten 2022. Øystein Bergane har lang erfaring frå arbeid ved fleire skular, og har nytt sin kunnskap og satt sitt preg på arbeidet.
Kyrkjebygda oppvekstsenter skal i samarbeid med Ungt entreprenørskap la elevane delta på og få kunnskap om energi og ressursar knytt til vatn.
- Vi har eit kontinuerleg fokus på eit godt foreldresamarbeid, gjennom Plan for heim-skulesamarbeid
På planleggingsdagane i august var FUG eit hovudtema, og Ingrid Lund heldt eit inspirerende føredrag for alle tilsette. I tillegg var det eit storforeldremøte med god deltaking hausten 2022.
Kyrkjebygda: Ny plan for foreldresamarbeid er utarbeida og teke i bruk.

- Vi skal delta i prosjekt med FUG (Foreldreutvalet for grunnskular) for å vidareutvikle skule-heim-samarbeidet
FUG var eit hovudtema på planleggingsdagane ved skulestart denne hausten. Me har i alt hatt tre opplæringsdagar kring dette temaet så langt i prosjektperioden.
- Vi legg til rette for eit godt samarbeid med skulehelsetenesta
Vi har hatt tett samarbeid med skulehelsetenesta kring fysisk, somatisk og psykisk helse. Rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule sit i styringsgruppa for “Rusfritt, Robust og rettferdig- Ung i Nissedal”, som har regelmessig møte, samt tiltak retta mot ungdom. Helsesjukepleiar, psykisk helsekonsulent og fysioterapeutane har stadig samarbeid og oppfølging i skulen.
Skulen har følgd årshjulet som skulehelsetenesta har utarbeid. Denne inneheld mellom anna vaksinasjonsprogrammet, kampanje mot hovudlus, samtale om søvn, aktivitet og kosthald. Besøk av tannpleiar og pusseundervisning for å nemne noko.
- Vi nyttar det kommunale Barne og – ungdomsteamet godt til å drøfte utfordrande saker og problemstillingar, samt strategisk tenking i forebyggingsarbeid
Rektorane har blitt kalla inn og deltek om naudsynt.
- Vi samhandlar aktivt i prosjektet «Rusfritt, robust og rettferdig» (2020-2023)
Rektor på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har site i styringsgruppa for “Rusfritt, Robust og rettferdig- Ung i Nissedal”, som har regelmessige hatt møte om tiltak retta mot ungdom.
- Vi held fram med å vere godkjende trafikk sikre skular
Kommunen blei re-godkjent som “trafikk sikker kommune” summaren 2022. Skulen har tilpassa sin lokale trafikkplan i samsvar med fagfornyninga.
Tveit: Teamet er baa teke opp i FAU og i den daglege undervisninga hausten 2022. I Kyrkjebygda arbeider ein konkret med å betre trafikktryggleiken ved oppvekstsenteret knytt til RV. 41 , samt belysning på parkeringsplass/levere- og henteplass.
- Vi følgjer opp Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
Vinteren 2022 blei det kjøpt tastatur til alle elevar, fordi foreldre gjennom FAU og SU meiner at mange elevar skriv betre med tastatur enn skjerm-tastatur. Elevar i 1-2 trinn kan nytte det om ønskjeleg. Tilsette har og fått tastatur. Det blei bestilt lisensar for undervisningsverktøyet “Adobe connect”.
Det blei vedteke ny IKT-plan for Nissedalsskulen. Der blei det mellom anna vedteke at elevar i det skal vere rullering av i-pads og pc. Frå januar 2023 skal alle elevar i 8.trinn få ny pc ved skulestart. Elevane i 10. trinn fekk pc i 2022. Det er montert digitale tavler i dei fleste klasserom.
- Universell utforming i alle ledd er viktig for inkludering og blir etterspurd og fulgt opp av skule
Tveit: Skulen fekk sist år 200.000 frå Bufdir. Det blei rapportert for bruk av desse midlane til juli 2022. Midlane blei nytta til ny gangveg sist år, samt at dei har blitt nytta til utgreiing av skulen med tanke på rehabilitering. Universell utforming står sentral i dei nye byggeplanane.
Kyrkjebygda: Elevgarderoben knytt til gymsal er det ikkje universell utforming på.
- Gjennomføre brukarundersøkingar og aktiv nytte skulen sine rådsorgan, som beskrive i Plan for heim-skulesamarbeid
Det er gjennomført planlagde møte i SMU og SU, og rektor har delteke på alle møte i FAU.
- Invitere til besøk av lokale bedrifter og teknologibedrifter som ein del av faget «Utdanningsval» på ungdomsskulen
Ungdomsskulen har hatt besøk av Telemark Lys AS, og skulen har delteke i prosjektet “ungt entreprenørskap” der dei kjem i kontakt med lokale bedrifter.
Tveit: Etter at skulen fekk ein god start på Ungt entreprenørskap sist skuleår, har ein i 2022 gått enda tyngre inn i prosjektet, fordi starten var positiv og gav meirsmak.

- Halde fram med Jobbavis i samband med arbeidsveka for 9. klasse (Samarbeid med næringskonsulent)
Utført
- God rådgjevarteneste og samarbeid med Vest-Telemark vidaregåande skule
Ny rådgjevar blei tilsett sommaren 2022, og har hatt regelmessig møter med dei andre rådgjevarane i Vest-Telemark hausten 2022, og vore synleg og engasjert ved skulen heile hausen 2022.
- Arbeide for å auke elevane sine føresetnadar for å lukkast i vidaregåande skule
Det er tilsett ein “ungdomslos” som jobbar med å førebygge fråfall i vidaregåande skule gjennom kontakt, rettleiing og samlingar for elevar som går på vidaregåande skule. Rektor har vore med på disse samlingane. Plan for overgangar brukast regelmessig i skulearbeidet for å førebu elevane som skal starte på vidaregåande skule. Ungdomslosen er godt i gang og har møtt elevar som starta opp i vidaregåande skule denne hausten, men og dei som starta opp sist haust.
- Miljø og klima er på dagsordenen
Tveit: Skulen har “miljøpatrulje” som har rydda i nærområdet. Skulen har drive aktivt med kildesortering.
Kyrkjebygda: Elevane kildesorterar alt avfall i kvart klasserom, ryddar søppel i nærområdet. Tverrfagleg prosjekt knytt til miljø og klima er tenkt gjennomført våren 2023.
- Vi deltek i «Dekomp»: Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i Vest-Telemark
Skulane jobbar vidare med prosjektet også skuleåret 2022-2023. Det er innvilga ekstra midlar til å få rettleiing frå USN og ein har spesielt jobba for å styrke lesing.
- Tilstandsrapport for foregåande skuleår blir lagt fram for kommunestyret innan april kvart år
Tiltaket blei gjennomført.
- Vi har eit godt samarbeid med PP-tenesta (PPT), særleg gjennom faste TPO-møte gjennom året.
Plan for samarbeid hausten 2022 blei stadfesta før sommaren, og ein har hatt eit godt samarbeid.
- Ungdomslosen i Nissedal: Skule og prosjekt Ung i Nissedal har søkt om, og fått tilskott til ei 3-årig satsing for å forebygge drop-out. Det er midlar til ein deltidsstilling som ungdomslos, som skal arbeide i ungdomsmiljøet frå ungdomsskulen og over i vidaregåande skule.
Ungdomslosen har i løp av året jobba godt med å følgje opp ungdom som har byrja på vidaregåande skule.
- Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har inngått samarbeid med Ungt Entreprenørskap, som er ein ideell, landsomfattande organisasjon. Målet er, gjennom samarbeid mellom skule, næringslivet og andre aktørar, å utvikle barn og unge sin kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv.
Ein har satsa enda sterkare på prosjektet i 2022, fordi fyrste året gav gode erfaringar.
- Revidere Plan for Vurdering for læring
Revidert utgåve blei vedteke i kommunestyret oktober 2022.
- Revidere Trafikkopplæringsplan for skulane i Nissedal kommune
Gjennomført. Planen blei teke opp i FAU i september og med dei tilsette i starten av skuleåret.
- Revidere Leseplan for 1.-10. steg «Lære å lese – lese for å lære – lese for livet»
Revidert utgåve blei vedteke i kommunestyret oktober 2022.
- Det må vere betre kontakt enn i dag mellom skule og private bedrifter lokalt.
Deltaking i “Ungt entreprenørskap” sist skuleår var vellukka og ein har satsa enda breiare på dette skuleåret 2022-2023. Jobbavisa har og gjeve fruktbart samarbeid mellom skulane og bedrifter.

15.2.3 Barnehage

Nissedal kommune har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehage tilbud i Treungen, Kyrkjebygda, Felle og Fjone. Kvar barnehage er leia av ein styrar. Einingsleiar for oppvekst og kultur er barnehagefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles styrarsamlingar, samt gjennom nasjonale og regionale føringar og samarbeid.

Prognose barnetal og kapasitet

For barnehage kan vi berre lage prognose eit år fram i tid, av den naturlege årsaka at barna ikkje er fødte enda. Basert på tal frå helsestasjonen 21.09.21 har vi denne prognosa for barnetal i dei ulike barnehagane:

2021-2022

Barnehage	Godkjent for (Tal på plasser)*	Barn i barnehagealder i krinsen	Av desse, barn under 3 år	Totalt brukt barnehageplasser
Treungen barnehage	60	35	8	43
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. barnehage	32	15	6	21
Fjone barnehage	20	11	6	15
Felle barnehage	20	9	3	11
Totalt tal på barn i barnehagealder		70		

2022-2023

Barnehage	Godkjent for (Tal på plasser)*	Barn i barnehagealder i krinsen	Av desse, barn under 3 år	Totalt brukt barnehageplasser
Treungen barnehage	60	28	9	37
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. barnehage	32	12	4	16
Fjone barnehage	20	9	3	12
Felle barnehage	20	4	3	7
Totalt tal på barn i barnehagealder		53		

**Alle barnehagane i kommunen har god arealmessig kapasitet. Dersom ein kjem over barnetal på bemanningsnorm, vil ein ofte justere dette internt i kommunen. Likevel er det viktig å kjenne til at eit barn utover norm vil utløyse ei heil pedagogstilling. Barn under 3 år tel to barnehageplassar*

Det er totalt i underkant av 23 årsverk i barnehagane. Total budsjetttramme er på godt og vel 12 millionar kroner. Foreldrebetaling er anslått til omlag 1,8 millionar kroner i inntekt i 2022.

Lovverk:

- Barnehagelova med forskrifter
- Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver

Planar:

- Barnehagevise årsplanar
- Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- Kompetanseplan for barnehagane i Nissedal kommune i 2020-2023
- Plan for tilsyn med barnehagane i Nissedal kommune
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»

Mål for tenestene

- Eit godt og inkluderande barnehagemiljø (4.1.7)
- Sikre full barnehagedekning (4.1.6)
- Kontinuerleg kompetanseutvikling for dei tilsette for å sikre god kvalitet på det pedagogiske innhaldet i barnehagane (4.1.6)
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak gjennom tidleg innsats (4.1.6)

Tiltak

- Vi tek aktivt i bruk Rammepanen sin Del 1, som mellom anna omtalar arbeidet med demokrati, bærekraftig utvikling, livsmeistring og helse
I alle planar (årsplan, månadsplan, periodeplan m.m) ligg dette som grunnlag for vårt arbeid med barna i barnehagen. Vår viktigaste jobb er å hjelpe barna til å få ein solid grunnmur, slik at dei står robuste til møte med framtida. Vi har fokus blant anna på å samhandling, stå opp for seg sjølv, gjere noko godt for andre. Vidare har vi barnehagemøter der demokratiske prinsipp blir fokusert på. Livsmeistring har stort fokus kvar dag, mellom anna ved å takle små og store utfordringar, teste ut sosiale spelereglar, øve på konflikthandtering, utfordre seg sjølv på meistring, heie på kvarandre så andre meistrar.
Barnehagekvardagen skal også vere prega av å vere ein god ven og behandle andre slik ein ønskjer å bli behandla sjølv.
Bærekraftig utvikling er eit fokusområde. Vi har fokus på å ta vare på ting og minimalt med matsvinn.
- Vi brukar modellkommuneplanen aktivt
Den er eitt viktig reiskap når vi har vanskelege sakar, den er oversiktleg og lett å finne fram i.
Personalet gjennomgår planen 1 gong i året.
- Symjetrening (tilvenning og tryggleik i vatn) for alle 5-åringar i kommunen
Alle 5 åringane har hatt symjetrening med fokus på tilvenning og tryggleik i vatn, samt alt kring det å vere i ein symjehall. 5 åringane har vore blanda med dei andre barnehagane i bassenget, og dette har vore ein relasjonsbyggande arena for 5 åringane som skal byrje i klasse saman.
- Samarbeid med PPT gjennom «Forum for systemretta arbeid» (FSB)
Regelmessig møter mellom PPT og barnehagane. Når det er behov etter desse møta, har PPT har kome til barnehagane for observasjonar og møte (tidleg innsats). Denne ordninga skal evaluerast våren 2023.
- Vi syter for gode overgangar mellom barnehage og skule gjennom bruk av «Plan for overgangar – frå eldst til yngst»
Planen blir fylgt med samarbeid mellom barnehage og skule, og samarbeid mellom barnehagane. 5 åringane har hatt fleire treff dette året.
Kyrkjebygda oppvekstsenter har fleire vektlege samarbeidsarenaer, med blant anna felles turtime med førskulebarna og 1.-4.klasse, 1.klasse på leikebesøk ein gong i veka, samt prøveskule frå november og elles fleire felles arrangement, til dømes musikal.
Treungen: Våren 2022 har førskulebarna har vore på besøk på skulen, under førskuledagane var ein av barnehagelærarane med, saman med Fjone og Felle barnehage blei det arrangert 6 årsfest og overgangssamtale med kontaktlærer for 1.klasse. Hausten 2022 var fyrsteklasse på besøk i barnehagen. I september informerte spesialpedagog rektor på Tveit skule om elevar som treng enkeltvedtak frå skulestart hausten 2023.

- Tett samarbeid mellom skulehelsetenesta/helsestasjonen
Helsesjukepleiar har vore med på FSB-møter. (Forum for systemretta arbeid i barnehage) . Helsesjukepleiar har vore med på møter når det gjeld enkeltbarn, saman med foreldre.
- Hovudmål for barnehageåret 2021-2022: «Det gode liv i leiken»
Gjennom dette barnehageåret har det i tillegg til å hatt fokus på leik, vore viktig saman med foreldra å byggje ein solid “grunnmur” til barna, slik at dei står rusta for framtida. Vi har hatt til døme hatt fokus på å oppmuntre barna til å klare sjølv, vise omsorg for kvarandre, framsnakka kvarandre, sjølvregulering.
- Halde fram med å vere godkjende trafikk sikre barnehagar
Kvar gong barna er på turar utanfor barnehageområdet, får dei påminning om korleis dei må oppføre seg i trafikken. Kommunen ble regodkjent på nytt som ein trafikk sikker kommune.
- Fortløpande barnehageopptak, men med eit hovudopptak i året
Har blitt gjennomført
- Arbeide vidare med IKT-satsinga i barnehage via Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune.
Treungen har laga ein plan for dei ulike alderstrinna slik at ein ser at det er ein progresjon i bruk av dei digitale verktøya. Liknande planar skal bli utarbeidd for alle barnehagane.
- Nytte Barne- og ungdomsteamet som ein arena for tverrfagleg samarbeid
Vi blir stadig betre på å bruke barne- og ungdomsteamet
- Gjennomføre foreldreundersøking kvart 2. år (frå 2020)
Gjennomført vinter 2022, men utfordrande at ein ikkje får opp svara idei små barnehagane grunna for få respondentar
- Fokus på barns medverknad.
Viktig at barna kan medverke adekvat på det dei er modne nok for å medverke i.
- Bærekraftig utvikling er på dagsordenen
Tema i prosjektet Liv og røre. Kompostering i barnehagen, grønsakshagar i kvar barnehage.
Viktig med haldningsskapande arbeid kring å ta vare på ting.
Kyrkjebygda oppvekstsenter har hatt og har prosjekt med Nissedal Helselaget , Frå frø til munn, der vi plantar økologisk.
- Delta i prosjekt med FUB (Foreldreutvalet for barnehagar) for å vidareutvikle barnehage-heim-samarbeidet
Har hatt møter med FUB/FUG. Kvar barnehage har i tillegg til styrar ein ressursperson som har vore med på møta med FUB/FUG. Dette prosjektet har vore tema på avdelingsmøter. Det har vore eit felles storforeldremøte.
Ved oppstart av eitt nytt barnehageår hadde FUB ein inspirerande planleggingsdag for alle tilsette i barnehagane.
Gjennom å delta på dette prosjektet har personalet fått fleire reiskap som dei kan bruke i møte med foreldra.
- Deltek i Rekomp-ordninga i Vest-Telemark: Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage Vestfold og Telemark
Har hatt styrarsamlingar, pedagogmøter og personalmøte (digitalt). Tema har vore rettleiing, vaksenrolla og lagbygging.
- Liv og røre for barnehagar i perioden haust 2021-vår 2024.
Ressurspersonane har hatt ein ½ time i veka til for- og etterarbeid. Mykje fokus på bevisstgjerjing av personale mtp kosthald (berekraftig utv, kortreist mat) og aktive dagar (akt.dagar, theraplay)
Det har vert tilsaman 4 lærande nettverk, eit for kvar gruppe og to styringsgruppemøter
Treungen: Ressurspersonane har hatt fokus på å lage eitt detaljert årshjul. Det har blitt laga aktivitetsbankar, der dei tilsette kan hente idear. I sommar hadde vi 4 veker

(dagleg) med fokus på Liv og Røre aktivitetar. På kvart avdelingsmøte hadde ressurspersonane ein bolk kvar.

Kyrkjebygda: Vi har hatt faste Liv og røre-dagar. Resursperson har laga aktivitetsskisse med innhold og idear til aktivitetar. Vi har mottatt tilskot til prosjektet og bestilt varer til inspirasjon og aktivitetar både når det gjeld bevegelsesglede og matglede. Vi har varmtat ein gong i veka, der barna er med å tilberede og servere.

- Revidere Plan for tilsyn med barnehagane
Barnehagemynde har sendt inn forslag til ny plan til Statsforvaltar, som ein del av avvikslukking etter tilsyn.
- Utarbeide Plan for heim-skulesamarbeid ved Kyrkjebygda oppvekstsenter
Dette punktet er plassert feil, gjeld skuledelen av oppvekstsenteret. Skulen utarbeida planen våren 22.

15.2.4 Kultur

Kultur har eit vidt tenestesperke, sjølv om dei ulike tenestane er små. Tenestane er musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturarrangement og –administrasjon, fritidsklubben, kino og offentleg symjing. Kultursjefen er leiar av desse tenestane, samt flyktingtenesta som er beskrive i eige avsnitt.

Det er totalt omlag 3,7 årsverk i kultur. Total budsjetttramme er på omlag 3 millionar kroner. Ein stipulerer inntekter for 2022 til omlag 180 000 kr.

Lovverk:

- Kulturlova
- Lov om folkebibliotek
- Folkehelselova

Planar:

- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»
- Plan for den kulturelle skulesekken lokalt, i Nissedal kommune
- Skulebibliotekplan for Nissedal

Mål for tenestene

- Kulturtenestene skal gje ei kjensle av meistring og skape eit inkluderande miljø, der målsettinga er at innbyggjarane har ein felles forståing av at kommunen er ein god stad å leve (4.1.1, 4.1.2, 4.1.7)
- Ha eit godt samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen (4.1.2, 4.1.8)
- Ha fokus på at tenestene vi gjer skal ha grunnfeste i folkehelsearbeid, som går på fysisk aktivitet, god psykisk helse og eit inkluderande miljø for alle (4.1.1)

Tiltak

- Kulturskulen har fokus på den enkelte elev, og skal ha fokus på meistring og utvikling av kreative evner. Kulturskulen skal vere ein inkluderande arena med undervisning tilpassa den enkelte elev.
Kulturskulen har også i 2022 hatt eit godt elvegrunnlag, og elevar på venteliste. Det er hyggeleg med mange påmeldte, då det er ein trend i andre kommunar at søkjartalet går ned. I 2022 starta teater opp som undervisningstilbod. Tilbodet blir gjennomført frå september 2022 til mars 2023, og dekkjer ei 8% stilling. Teatergruppa set opp framyinga Karius og Baktus. Kulturskulen samarbeidet med skulen og elevar i arbeidslivsfag som lagar kulisser og elevar i Innsats for andre som hjelper til med sminke og kostymer.
Det vart gjennomført vårkonsert i juni og jolekonsertar i desember, der alle elevar som ville, deltok.

- Ungdomsklubben skal ha fokus på eit inkluderande miljø, der alle kan finne sin plass, og ha meistring på å vere i ein sosial setting gjennom ulike typar aktivitet.
Ungdomsklubben har hatt godt oppmøte og er ein viktig møteplass for ungdom. Det har i 2022 vore svært vanskeleg å bemanne ungdomsklubben på grunn av vakanse. Ukurrant arbeidstid kvar helg, gjer det vanskeleg å rekruttere. Ungdomsklubben har vore med å arrangere/gjennomføre ulike arrangement i Ung i Nissedal, som ungdomskonsert i sentrum og ungdomskonsert i Fyresdal.
- Biblioteket skal vere ein arena for inkludering for alle. Det skal vere fokus på alle aldersgrupper, men særskilt på born, ungdom og eldre.
Ein jobbar målretta for at biblioteket skal vere ein inkluderande arena for alle, jamfør Lov om Folkebibliotek § 1. Ein gjer dette gjennom å tilrettelegge for tilbod i biblioteket, som kreativ gruppe kvar måndag i samarbeid med Ung i Nissedal. Dette er eit tilbod for elevar på mellomtrinn og ungdomsskule som likar å drive med kreative aktivitetar som perling, t eiklning mm. Det er arrangement som shared reading for ulike grupper 2 gonger pr mnd. Det er formidling av lyrikk på laurdagsope bibliotek og ulike arrangement vert lagt til biblioteket, faste tilbod som sjakkklubb og tilfeldige arrangement, som seniorkino og forfatterbesøk.
- Biblioteket har i 2022 gjennomført 3 prosjekt med ekstern finansiering.
I 2022 vart det gjennomført 4 prosjekt i biblioteket: ekstra skulebibliotek finansiert med støtte frå udir, 2 formidlingsprosjekt finansiert av Nasjonalbiblioteket og 1 prosjekt for å motverke einsemd blant eldre finansiert av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Alle 4 prosjekta vart avslutta 2022. Prosjekta førte til meir ope skulebibliotek, til saman 40% stilling til dette, mange gode arrangement, som forfatterbesøk for born og eldre, seniorkino i samarbeid med biblioteket, formidling av litteratur utanfor biblioteket, i kyrkjer og bedehus, leseven i skulen, satsing på Sommarles og shared reading i skule på kveldstid og dagtid.
Til saman vart desse prosjekta finansiert med kr. 381.000 i ekstern finansiering.
- Biblioteket skal nytte midlar søkt om frå Utdanningsdirektoratet til å lage ei prosjektstilling som legg til rette for skulebibliotek i samarbeid med skule.
Skulebiblioteket skal vere ein ressurs for alle klasser i kommunen, og skal bli nytta til å fremje lesestimulering i alle fag. Tilskotet er på 210.000 som skal nyttast til ei midlertidig stilling tilknytta biblioteket i 2022.
Tiltaket vart gjennomført i 2022. Biblioteket har vore ope ein dag ekstra i veka. Prosjektet har bidratt med å formidle og stimulere til lesing gjennom forfatterbesøk, formidling, Sommarles, mm til born i skule og barnehage.
Resultatet for Sommarleskampanjen vart fantastisk bra for Nissedal, og 1. - 7. klasse i kommunen kom på 2. plass i Vestfold og Telemark i leste bøker. Skulebiblioteket har brukt tid på å informere og inspirere i samarbeid med skulen til lesing, noko som gjev resultat
Skulebiblioteket starta hausten 2022 opp eit nytt prosjekt som heiter Lytteven. Det er eit prosjekt i skulen, med frivillige som lyttar til at eleven les. Slik får eleven lesetrening og ro i lesesituasjonen. Elles har skulebiblioteket stimulert til lesing gjennom formidling, bokkasser, tilrettelegging for ulike tema, og hjelp til å finne bøker.
- Vere med å markere og arrangere Frivillighetens år 2022 i samarbeid med Frivilligsentralen, Lag og organisasjonar og Vestfold og Telemark Fylkeskommune.
Frivilligprisen vart delt ut på kulturkvelden laurdag 5. november. Prisen var på kr 10.000 og gjekk til Treungen Idrettslag for frivillig arbeid ut over det vanlege.

15.2.5 Vaksenopplæring

Skuleåret 2021/ 22 er det to elevar som tek grunnskule for vaksne etter opplæringslova §4A-1.. Opplæringstilbodet får elevane i Seljord kommune. Kostnad pr. plass pr. år er 60 000 kr. Elevane har rett på gratis skyss etter opplæringslova §4A-7. Det vil i januar 22 kome ein ny søknad som gjeld grunnskule for vaksne.

Det er ein elev som er knytt introduksjonsprogrammet som får opplæring i norsk og samfunnskunnskap i Nome kommune. (det er uklart om eleven fortsetter frå jan. 2022)

Det er 23,5% stilling knytt opp mot elevar som tek grunnskule for vaksne etter opplæringslova § 4A-2. Elevar som har vedtak etter § 4A- 2 har undervisning på Mila.

Budsjettramma for vaksenopplæringa er 373 000 kr.

Administrasjon og rektoroppgåver for vaksenopplæringa ligg til pedagogisk konsulent i eininga.

Lovverk:

- Opplæringslova med forskrifter

Mål for tenestene

- Gjennomføring av grunnskulen for vaksne som har rett til det etter opplæringslova § 4A.2: Rett til spesialundervisning på grunnskulens område (4.1.1, 4.1.3, 4.1.6)
- Syte for at vaksne med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) får det etter opplæringslova 4A-13 (4.1.1, 4.1.6)

Tiltak

- Samarbeid med PPT, Mila og Kåsa bu og avlastning
VO har samarbeida med PPT i enkelt sakar, dei har eit godt samarbeid med Mila der deler av vaksenopplæring blir gjennomført. Det blei tilsett ny lærar på VO til elevane på Mila frå 1.8.22, som og tok igjen tapte timar frå perioden 1.1.22- 31.07.22.
- Gje god undervisning, i tråd med sakkunnig vurdering frå PPT
VO har koordinert ordning gjennom Helfo for enkelt elevar i tråd med sakkunnig vurdering frå PPT
- Tilby grunnskuleopplæring for vaksne som er over opplæringspliktig alder og som treng det
Vo har kjøpt tenester frå andre kommunar for å tilby grunnskule, opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Kommunen har i 2022 hatt elevar I Nome, Drangedal, Seljord og Vinje.
- Gje gratis opplæring i norsk og samfunnskunnskap i til saman 600 timar til dei som har rett og plikt til slik opplæring
Vo har kjøpt tenester frå andre kommunar for å tilby grunnskule, opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Kommunen har hatt elevar I Nome, Drangedal, Seljord og Vinje. Vaksenopplæring er på nytt etablert i Nissedal kommune frå 01.08.22, lokalisert i leigde lokal i Prix-bygget.
- Elevar som ikkje har rett på gratis opplæring , kan få tilbod om undervisning mot betaling dersom det er kapasitet og økonomisk forsvarleg i forhold til elevtalet
Nå som vaksenopplæringa skjer lokalt har kommunen på nytt gitt dette tilbodet.

Kompetanseutvikling:

- Ein tilsett på biblioteket ferdigstilte våren -22 utdanning innan litteraturformidling til barn
- Vi hadde tre lærarar på vidareutdanning i vinter, to på matematikk og ein på spesialundervisning. Hausten 2022 starta ein lærar på grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Dette studiet går over 4 semester (2 år)
- Einingsleiar og rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har sertifisert seg innan NME (Nevrosekvensuell metode) saman med PPT. Dette er hjerneforskning og åtferdst teori sett saman, for betre å kunne forstå og møte våre barn og unge med åtferdsutfordringar.
- Styrar i Kyrkjebygda barnehage starta på studie innan rettleiing hausten 2022
- Barnehage og skule har lærlingar og er glade for den kompetansehevinga det gir, også til eksisterande personale

Sjukefråvær:

Eining for oppvekst har eit fråvær i 2022 på 10,53%. 2% er kortidsfråvør og 8,53% er langtidsfråvær. Splitta opp på tenesteområde er fråværet slik: Barnehage: 11,08%, Skule: 9,63% og Kultur: 15,6%.

Snittet i kommunen er på 8,75, så her er vi uheldigvis med og drar opp snittet betrakteleg. Som tidlegare må ein medgi at det har delvis vore eit problem over tid med høgt fråvær, særleg i barnehage. Vi har eit sterkt fokus på dette i leiargruppa, og samarbeidar med Nav. Men som de ser er det inga rask løysing på dette.

Kommentar til rekneskapan:

Samla sett hadde eininga eit meirforbruk kr 117.000.

I 2022 blei flyktningkonsulentstilling på 100%, samt driftsmidlar til flyktningarbeid trekt inn frå 01.02.22. Allereie i februar same året braut det ut krig i Ukraina, og vi satt på nytt i gang flyktingteneste frå mai. Det førte til ei budsjettjustering der ein budsjetterte med omlag 1,2 millionar på flyktingtenesta, med eit rekneskap til slutt på omlag 1,6 millionar. Dei overskytande 393 000 kr skuldast høg busettingsfart og ustabilitet i tenesta, med tilhøyrande behov for ekstra personell. Tilsvarande hadde introduksjonsordninga eit overforbruk på 111 000.

Refusjon frå staten på både vaksenopplæring og flyktingtenesta blir delvis etterbetalt i mars 2023 for dei som kom i siste halvdel av 2022. Dette gjer at 340 000kr i inntekter som var forventa i 2022 først kjem i 2023.

Streiken med utdanningsforbundet førte til at undervisningspersonell ikkje fekk justert løn i 2022. Lønsnemnda fastsatt ny løn i slutten av februar 23, med verknad og etterbetaling får 01.09.22. Dette gav 193 000 i auka lønsutgifter i 2022 som eininga ikkje hadde fått korrigert budsjettrammene for.

Utanom dette er det ein god økonomistyring i eininga. Avdelingsleiarane syner stod grad av ansvar, samtidig hjelper dei kvarandre i å få kvardagen til å gå opp. Det har vore store utfordringar med bemanning og vakanse, men ein har funnet gode løysingar i fellesskapet. Vikarbudsjetta er stort sett sprengde, og særleg med tanke på «koronaavtala» på overtid er det i 2022 brukt 600 000 kr i overtid, det er 500 000 kr meir enn i 2021. Eit generelt underforbruk på løn i barnehage og skule, grunna rekrutteringsvanskar/vakanse, gir oss likevel eit resultat som samsvarar godt med budsjett. I sum er det eit mindreforbruk på diverse løn/driftspostar på kr 630.000.

Politiske vedtak etter budsjettvedtak – oppfølging. Andre saker:

Kommunestyresaker:

4/22 Tilstandsrapport for skuleåret 2020-2021

Vedtak: Nissedal kommunestyre tek tilstandsrapporten til vitande

5/22 Oppmoding – busetting av flyktningar frå Ukraina i 2022

Vedtak: Nissedal kommunestyre er positive til å motta flyktningar frå Ukraina, og ber kommunedirektøren takke ja til oppmodinga frå IMDi om å busette 30 personar i 2022, og etablere eit flyktningapparat i kommunen etter behov.

6/22 Partnerskap for inkludering og ung deltaking

Vedtak: Nissedal kommunestyre tek orienteringa om partnerskapet til vitande, og støtter opp om vidare arbeid mot ein heilskapleg oppvekstplan.

Nissedal kommunestyre utnemner ein representant til å delta i partnerskapet og arbeidet med oppvekstplan som skissert over.

20/22 Trafikkopplæringsplan for Nissedalsskulen

Vedtak: Nissedal kommunestyre vedtek revidert Trafikkopplæringsplan for Nissedalsskulen slik den ligg føre

21/22 IKT-plan for barnehagane og skulane i Nissedal kommune

Vedtak: Planen sendes tilbake for å utgreie fylgjande moment:

-Rullering av utstyr

-Gratisprinsippet i skulen

-Nettvett

-Foreldreinvolvering

22/22 Nissedal kulturskule, sak om vedtekter 2022

Vedtak: Nissedal kommunestyre vedtek Nissedal kulturskules vedtekter slik dei er lagt fram, med vedteke ending i høve til pkt. 1.6.

(Nissedal kulturskule har hovudsete i Fleirbrukshuset i Treungen, men ved stort nok elevgrunnlag kan det bli aktuelt med undervisning ved Kyrkjebygda Oppvekstsenter, dersom fasilitetane tillèt det.)

29/22 Årsmelding ungdomsrådet haust 2021-vår2022

Vedtak: Nissedal kommunestyre tek årsmelding for 2021 til vitande slik den ligg føre.

34/22 Plan for heim-skulesamarbeid ved Kyrkjebygda oppvekstsenter

Vedtak: Nissedal kommunestyre tek Plan for heim-skulesamarbeid ved Kyrkjebygda oppvekstsenter til vitande

44/22 Nytt framlegg til IKT-plan for barnehagane og skulane i Nissedal kommune

Vedtak: Nissedal kommunestyre godkjenner IKT-plan for barnehagane og skulane i Nissedal

kommune og løyver eit årleg beløp frå 2023 til rullering av IKT-utstyr.

Utskifta IKT-utstyr blir tilgjengelig for for eksempel til elevbedrift eller 10. klasse-komité for rensing og vidaresal til inntekt for for eksempel polentur.

45/22 Nissedal kommune - busettingskommune for flyktningar frå 2023?

Vedtak: Nissedal kommunestyre ønskjer å vere busettingskommune for flyktningar framover og gir

kommunedirektøren mandat til å arbeide vidare med dette som mål

53/22 Plan for vurdering for læring - rullering hausten 2022

Vedtak: Nissedal kommunestyre tek den rullerte Plan for vurdering for læring til kjennskap

54/22 Leseplan for 1.-10. steg - rullering oktober 2022

Vedtak: Nissedal kommunestyre tek den rullerte Leseplan for 1.-10. steg til kjennskap

Formannskapsakar:

61/22 Sak om spesialundervisning – unnateke det offentlege

73/22 Fordeling av kulturmidlar og prosjektmidlar for 2022

Vedtak: Nissedal formannskap tilrår å løyve kultur og prosjektmidlar 2022 jamfør saksutgreiinga

74/22 Nytt framlegg til IKT-plan for barnehagane og skulane i Nissedal kommune

Innstilling til kommunestyret: Nissedal kommunestyre godkjenner IKT-plan for barnehagane og skulane i Nissedal kommune og løyver eit årleg beløp frå 2023 til rullering av IKT-utstyr.

15.3 Eining for velferd

15.3.1 Heile eininga

Eining for velferd har ansvar for tenesteområda legetenestar, psykiske helsetenestar, helsestasjon, jordmor, fysioterapeut, institusjonstenestar, heimbaserte tenestar, tenestekontor og tenesta for funksjonshemma

Totalt tal på årsverk i eininga er omlag 74 årsverk fordelt på 129 tilsette og i tillegg kjem ein del vikarar. Kostnadsramme totalt for eininga 56,5 mill.

Felles mål for heile eininga

- Ha fokus på leiarutvikling og struktur
- Arbeide for heiltidskultur og ha fokus på å redusere uønska deltid i eininga
- Få ei fellesskap kjensle i eininga som mogleggjer meir samarbeid på tvers av avdelingane og som skapar samhald og kjennskap.
- Følge med på anbefalingar om tenesteutvikling og utvikle tenestane i tråd med det andre kommunar gjer og samfunnet elles. (4.1.4)
- Omsette motteke tilskotsmidlar til planar om utvikling og kursending for tenestane.
- Få til ein kultur for kvalitetsforbetring i heile eininga
- Eininga skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Eininga gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheims plassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.(4.1.6)
- Eininga utviklar forsvarlege heimbaserte tenestar, slik at pasientar som treng omsorgstenestar i hovudsak får tilbod om det i eigen heim. (4.1.7)
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.(4.1.1)
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem. (4.1.8.)
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.(4.3.4), (4.1.6)

Felles tiltak for heile eininga

- Fortsette arbeidet med opplæring av leiarar i ny struktur, samt optimalisere stillingsinstruksar.
Stillingsinstruksar er ikkje på plass
- Fortsatt fokus på å etablere møtestrukturar og møteplassar som sikrar meir samarbeid på tvers
Dette blei ikkje merkbart betre i 2022.
- Bli med på utviklingsarbeid saman med andre kommunar for tenesteutvikling t.d. slik det nå vert gjort ifht velferdsteknologi i Vest – Telemark.
Det vart bestemt gjennom kommunestyrevedtak før sommaren at Nissedal kommune skal med på satsinga «Rask psykisk helsehjelp»
RPH-teamet er på plass frå 20.02.23, men enda usikkert når de er klare for å ta i mot pasientar.
Nissedal, Fyresdal, Seljord og Tokke har utarbeidd felles tildelingskriteriar for kommunane sine helse- og omsorgstenestar. Kriteriane skal leggst fram politisk som ei orienteringssak for kommunestyret febr.2023
- Søke på tilskotmidlar hos fylkesmannen og frå helsedirektoratet, som er nyttig for kompetanseheving og tenesteutvikling.
Har søkt på både kompetansemidlar og prosjektmidlar. Har fått midlar til å vidareføre samfunnskontakten eit år til i ca. 40% stilling, samt midlar til ABC opplæring og til vidareutdanning.
- Fortsette med utvikling av Compilo som kvalitet og avvikshandteringssystem.
Vurderer innkjøp av teknologi, som ivaretar overføring av avvik frå Profil over til Compilo
- Sjå på moglegheit for bruk av velferdsteknologi i heile eininga
Prosjektleiaren har etablert ei intern velferdsteknologigruppe, der alle avdelingar i velferd er representert
- Undersøke mulighet for felles ressurs ergoterapeut med andre kommuner i Vest-Telemark
Ergoterapeut er ikke på plass, og grunna skifte av einingsleiar er vi usikre på kva som er gjort av kontakt til andre kommunar.

Endringar i planperioden

- Dreie tenestar endå meir frå institusjonstenestar til heimetenestar, utsatt frå 2021.
Er gjennomført medio februar 2022. Heimetenesta har overteke korttidsplassane, slik at heimetenesta vert meir homogen og forutsigbar for brukarane som skal på korttidsopphald
- Kartlegge behov for og ta i bruk velferdsteknologiske løysingar som erstatning eller som delar av tenestane. Er i gang med dette arbeidet, der ein utgreiar bruk av medisindispensarar som kan varsle. Vi vil og sjå på og utgreie moglegheit for nytt pasientvarslingssystem på NOS.
- Byggje ned tal på institusjonsplassar til rett nivå, utsatt frå 2021.
Er gjennomført frå medio februar 2022. Vi har nå 12 plassar til pasientar med langtidsvedtak og 3 plassar til korttidsvedtak. Til saman 15 pasientrom.
- Etablere planar som verktøy for planlegging av tenestane framover i tid.
Omsorgsplanen er ferdig, og ein må nå sjå på andre tenestar for å kunne planlegge desse godt nok framover. Psykisk helse er ein teneste som treng ein slik plan og vi treng og kompetanse og rekrutteringsplan.

15.3.2 Institusjonsbaserte omsorgstenester

Nissedal Omsorgssenter (NOS) er kommunens tilbud til innbyggerane når det gjeld institusjonstenester.

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 14 plassar for avlastning, korttids- og langtidsopphald (av desse er det 1 plass til akutt beredskap, 1 avlastningsplass med rullerande opphald og 2 korttidsplassar). Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. I tillegg er høyrer serviceavdelinga til institusjonen og lagar mat, vaskar tøy og driver reinhald på omsorgsavdelinga. Plass tildelast etter eigne kriteria. Opphald i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering, aktivitet og avlastning.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i avdelinga:

Lov om helse- og omsorgstenester
Pasient- og brukarrettighetslova
Helsepersonellova
Norm for informasjonssikkerhet
Kvalitetsforskrifta for pleie og omsorg
Sjueheimsforskrifta
Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018))
Institusjonstenesta har ca. 26 årsverk og ei kostnadsramme på 19,3 mill. Største inntekter kjem frå pasientbetaling ved langtidsopphald, medan korttidsopphald gjer mindre inntekter og avlastning er gratis for pasienten.

Mål for tenestene

- Førebu omstilling av tenestane til at 5 nye omsorgsbustadar står ferdig hausten, fortsetter ut på våren i 2022.
- Sørge for at dei tilsette har optimale arbeidsforhold og større moglegheit for å kunne ivareta smittevern ved NOS
- Sikre forsvarlege tenestar for pasientane og gode, trygge arbeidsforhold for tilsette
- Utvikle institusjonstenestane i tråd med utviklinga i samfunnet og i nært samarbeid med heimebaserte tenester

Tiltak

- Planlegge, kostnadsberekne og bygge om kjøkken og vaskeri innan 2022.
Planlegginga er godt i gang
- Planlegge ny optimal drift av færre rom på NOS, slik at tenestane vert tilpassa dette
Ny drift med færre pasientrom er gjennomført medio februar 2022.
Sjueheimen har pr. 31.12.22, 12 langtidsplassar og 4 korttidsplassar.
- Sjå på moglegheiter for nye kreative turnusar i samarbeid med tilsette og tillitsvalde.
Avdelingsleiar institusjon starta arbeidet med ny turnus i november. Hadde med tillitsvalt for NSF, ein tilsett og repr. frå Delta i arbeidet. Planen er å starte opp i løpet av mars 2023.
- Fokus på utvikling Compilo som kvalitet og avvikshandteringssystem, tilpassa avdelinga.
Førar pasientavvik over frå journalsystem til Compilo manuelt.
- Planlegge ei permanent kohortavdeling, som ivaretek Nissedal sitt behov ved smitteutbrot, må sjåast på i samanheng med omorganiseringa.
Arbeidet med dette er i gang, men ein må først få ny organisering til å sette seg med bruk av pasientrom, då særleg ifht. korttidsavdelinga.

15.3.3 Heimebaserte omsorgstenester

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også uttrykking og evt oppfølging dersom tryggleiksalarmar vert utløyst. Det er i dag ca. 35 personar som har tryggleiksalarm. På slutten av 2020 er det 50 personar som mottek helsehjelp av heimesjukepleia og 35 personar som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp)

Det er aukande behov for tenester og blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan tenesta:

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettighetslova

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskrifta for pleie og omsorg

Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018))

Mål for tenestane:

- Flest mogleg av personar som treng omsorgstenester skal få hjelpa dei treng i eigen heim (4.1.6)
- Velferdsteknologi skal bli ein integrert del av heimetenestane. (4.1.4)

Tiltak:

- Tilført ressurs på 20 - 40% til implementering og utvikling av velferdsteknologi, slik at kommunen kan levere denne tenesta på ein god måte.

Utfordringar med bemanning og kontinuitet når det gjelder å implementere ny velferdsteknologi. Men medisinroboter er i rute. Ressursen på 40% velferdsteknologi fortsetter også 2023

Prosjektlear for velferdsteknologi, er frå september ein del av tenestekontoret. Velferd tilbyr pr. 31.12.22: Tryggleiksvarslarar til 31 stk. fallsensor til 6 stk. dør alarmar til 6 stk. tråkkematter til 2 stk., medisineringsstøtte (medisinrobot) til 3 stk., Komp til 3 stk. I tillegg tilbyr vi røykvarslar som kan koplast til tryggleiksvarslar.

Eining for velferd er i gang med ein lokal prosess, med det føremål å kunne tilby GPS og kamera teknologi i løpet av 2023.

Prosjektlear for velferdsteknologi er med i ei prosjektgruppe der alle kommunane i Vestfold og Telemark er med, der ein ser på moglegheit for å kunne tilby medisinsk avstandsoppfølging.

- Greie ut løysingar for heimbaserte tenester på natt.
Må ha benytta bakvakt på natt i større grad enn tidligere.

15.3.4 Helsetenester:

Helseavdelinga held til i Treungen sentrum, og er lokalisert i same bygg som kommuneadministrasjonen og teknisk avdeling. Helseavdelinga omfattar legekontoret, jordmor, fysioterapi, helsestasjon og psykisk helse. Netto budsjetttramme for helsetenester er omlag 5,7 mill.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan tenestane:

Lov om helse- og omsorgstenester, Pasient- og brukarrettigheitslova
Helsepersonellova, Folkehelselova, Lov om smittevern

Mål for tenestane:

- Utvikle tenestane i tråd med anbefalingar frå helsedirektoratet og elles trendar i samfunnet.
- Vektlegge helsefremmande og førebyggjande tenester. Dette gjeld og skulehelseteneste og helsestasjonsteneste
- Ha svangerskaps- og barselomsorgstenester på eit nivå som imøtekjem brukane sine behov.
- Ha ei tilfredstillande akuttberedskap m.o.t. legevakt, heildøgns medisinsk akuttberedskap, naudmeldeteneste og psykososial beredskap og oppfølging.
- God kvalitet på legetenester i høve til diagnostisering og behandling.

Tiltak:

- Utgreie løysingar rundt videokommunikasjon og avstandsoppfølging for oppfølging av pasientar.
 - Videokonsultasjon brukast ved behov/ ønske frå pasient.
 - Avstandsoppfølging er ein ikkje kome noko vidare med.
- Gjennomføre prosjektet «Rusfritt, robust og rettferdig» og sjå på vidareutvikling av tenester i helseavdelinga i tråd med resultat frå dette prosjektet.
Prosjektet går sin gang med to tilsette i hhv. 50 og 30 % stilling. Det er søkt vidareføring av prosjektet til 2024.
- Utgreie moglege aktivitetar for born/unge i sommarferien.
Det blei arrangert sommarkonsert med Byting i sentrum. Her kom ungdom frå alle dei andre kommunane i Vest-Telemark. Ein suksess! I tillegg blei det fleire fredagskveldar i sommarferien arrangert ungdomskveldar i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Vidareføre folkehelse prosjektet " Topptur Nissedal " og søkje relevante eksterne tilskot.
Topptur Nissedal er eit godt etablert folkehelseprosjekt i kommunen. Mange har besøkt toppane i kommunen og fått t-skjorte i premie i år også.
- Utreie moglege løysingar for få dekkje kravet om at kommunen skal ha ein ergoterapeut tilgjengeleg i sine tenester. Jfr helse- og omsorgstenesteloven §3-2.
Det er ikkje tilsett ergoterapeut. 20 % ++ av fysioterapiressursen er brukt til hjelpemiddel.

15.3.5 Habilitering og aktivisering

Tenester for funksjonshemma

Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 7 personar som bur i egne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Nissedal. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenester vert tildela eller vedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa har eininga ansvar for dei personane i kommunen som har vedtak om støttekontakt, avlasting og BPA får det. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

Mila aktivitetssenter

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. Det er også eit lågterskel-tilbod til personar som treng det.

Netto budsjettamme for habilitering- og aktiviteringstenester er 15,3 mill.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan avdelinga:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- Helsepersonelloven
- Folkehelseloven
- Pasient og brukarrettighetsloven
- Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Mål for tenestene:

- Yte sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering til dei som har medfødte eller fått varige problem/funksjonshemmingar og trenger bistand for å kunne nå mål om deltaking i kvardagsliv og samfunnsliv

Tiltak:

- Ha tilbod om tilrettelagde bustader til pasient/brukargruppa.
Det må planleggast nye bustader. Alle bustadar inkludert avlastningsbustaden er leigd ut til brukarar i målgruppa. I tillegg er ein av dei nye omsorgsbustadane leigd ut til ein ny brukar, i mangel på andre tilgjengelege bustadar. Vi manglar avlastningsbustad pga av dette, noko som kan bli ei stor utfordring framover i tid.
- Yte personleg bistand etter behov.
Alle brukarar har fått personleg bistand og forsvarlege tenester i perioden, til tross for utfordringar med bemanning pga pandemien Jobber med å få på plass rett kompetanse knytt til brukers behov.
- Tilby aktivitetstilbod på lågterskelnivå slik at alle som treng det får eit godt og variert tilbod om aktivitet tilpassa deira funksjonsreduksjon.
Mila aktivitetssenter har vore i drift stort sett i heile perioden, med nokre få dagar som det vart stengd pga utfordringar med pandemien.
- Undersøkje om velferdsteknologi og kan være nyttig for denne gruppa
2 tilsette er blitt med i velferdsteknologigruppa i kommunen.

Kompetanseutvikling:

- Avdelingsleiar helse har gått siste semester på leiarutdanning på BI og er nå ferdig med vidareutdanninga.
- 1 tilsett har gjennomført velferdsteknologiens ABC.
- 5 tilsette har starta opp med demensomsorgens ABC
- 5 tilsette har starta opp med mitt livs ABC
- 1 tilsett studerer kreftomsorg/lindrande pleie

Sjukefråvær:

Eining for velferd har 8% sjukefråvær. Dette fordeler seg på kortidsfråvær på 2,7% og langtidsfråvær på 5,3%. Tilsvarende tal i 2021 var 10,1% totalt fordelt på 6,77% langtidsfråvær og 3,24% kortidsfråvær.

Kommentar til rekneskapen:

Eininga har eit meirforbruk på 1.683.000. Meirforbruket i eininga kjem både av mindreinntekter og meirutgifter i høve til budsjett. I løpet av året er eininga si ramme blitt styrka med 5,4 mill. gjennom tertialkontrollar. 2022 har vore eit krevjande år m.a. i høve til korona og stort innslag av vakante stillingar. Dette er moment som og har gitt økonomiske utslag.

Statstilskot ressurskrevjande brukarar blei kr 474.000 mindre enn budsjettet. Utgjer ca. 5,7% under budsjett. Avviket gjeld i hovudsak Kåsa, kr 438.000,-. Gjennom året har det vore mange faktorar som har endra seg som påverkar denne refusjonen. Etablering av tilbod rundt ny brukar, innføring av 80/100- ordning, bruk av overtid m.a. jf. den såkalla korona-avtalen, generell lønsvekst. Dette kravet blir sendt når året er omme og ein har nok gjort for dårlig kvalitetssikring av storleiken på kravet gjennom året.

Opphaldsbetaling på NOS blei justert ned med kr 300.000 i 2. tertial ved intern omdisponering. Men rekneskapen synte likevel kr 134.000 under budsjett (ca. 6,5%). Brukarbetaling (kortidsopphald m.m.) blei og under budsjett. Samla blei inntekter på omsorgsenteret kr 159.000 under budsjett.

Samla for heile eininga er det eit meirforbruk på løn på kr 744.000 (1,13%). Oppsummert er dei største avvika overtid (kr 261.000), vikar ved ferie (kr 202.000), og fastløn (kr 207.000). I tillegg er det eit avvik i høve til budsjett på periodisert løn (timar/overtid utbetalt i januar 2023 som gjeld 2022) på kr 390.000. Det er mindreforbruk på pensjon, arbeidsgjevaravgift og meirinntekt på sjukepengar som dekker opp for delar av dette.

Fordelt på avdelingar står heimesjukepleia for det største avviket (kr 431.000 – 3,76%). Her er det vikarpostane (kr 142.000) og fastløn (kr 147.000) som utgjer hovuddelen av budsjettavviket. Det blei i løpet av 2022 gjort ein omorganisering som gjorde til at budsjettet måtte endrast mykje i høve til slik det opphavleg var lagt opp. Dette kan dels forklare meirforbruket på fastløn.

På Kåsa er det eit meirforbruk på løn på kr 252.000 (1,04%). Her utgjer overtid ei budsjettoverskriding på kr 183.000. Dette overskridinga kan i stor grad knytast til fleire vakante stillingar som ein har måtte nytta overtid for å få løyst. Ein sterk auke i desember på denne posten.

Somatisk har eit meirforbruk på løn på kr 105.000 (1,83%). Her er det vikarposten som står for storparten av denne overskridinga (kr 74.000). Denne posten fekk ein stor auke i desember. Vidare er det ei overskriding på overtid (kr 42.000). Også denne posten hadde ein auke i desember.

På heimhjelp blei brukarbetaling på alarm kr 65.000 under budsjett.

15.4 Eining for teknisk drift

Kjerneoppgåver for Eining for teknisk drift :

- Drift og forvaltning av kommunale bygg og kommunens grunneigedommar
- Drift og forvaltning av kommunens utleiebustader
- Drift og forvaltning av kommunale vass og avløpsanlegg med tilhøyrande leidningsnett
- Prosjektansvar for kommunens bygge- og anleggsprosjekter
- Forvaltning av kommunens bil- og maskinpark
- Beredskap og førebyggjande tiltak mot brann og ulykker
- Drift og vedlikehald av kommunale vegar, ferjedrift og grøntområde
- Reinhaltd i kommunale bygg – med unntak av Nissedal Omsorgssenter

Eininga har 16 årsverk, fordelt på einingsleiar, 2 avdelingsleiarar, 3 vaktmeistrar, 3 driftsoperatørar og 7 reinhaldarar. I tillegg kjem 16 brannkonstablar i det frivillige brannvesenet.

Budsjettramme for teknisk eining er 10 837 000. I tillegg kjem brutto utgiftsramme på vatn og avløp på omlag 9 mill. (sjølvkostområde).

Felles mål for heile eininga

- Bidra til god folkehelse ved å gje gode grunnleggjande tenester som reint vatn, handtering av avløpsvatn, friluftsområde, reinhaltd og inneklima i kommunale bygg.
- Utvikle og gjennomføre investeringsprosjekt innan bygg- og kommunaltekniske anlegg på ein fagleg og økonomisk god måte.


Felles tiltak for heile eininga

- Kartlegge oppgåver, ansvar og forventningar innan dei ulike tenestedområda, og definere tydelegare kva som er kjerneoppgåver.

Kjerneoppgåvene til eininga er drift og vedlikehald av kommunen sine bygg, kommunale vegar/ferje, idrettsanlegg/friområde og kommunale vass og avløpsanlegg.

Det vart i 2021 lagt fram ein plan for kva for oppgåver eininga skulle prioritere – klassifisera som 1, 2 og 3 i forhold til prioritering. Denne vart drøfta i rådmannsgruppa og godkjent der. Lista er sendt ut til alle einingane, men ein ser at det fortsatt kjem inn mye oppgåver som eigentleg ikkje skal prioriterast/utbetrast av teknisk.

- Alle kommunale bilar skal tydeleg profilerast med namn og kommunevåpen. Ein ventar på et kostnadsoverslag frå dei som skal levere logoen, vil bli gjennomført våren 2023. Alle bilar vil få logo på sider og panser.



Endringar i planperioden

- Det forventast ein auke i drift- og vedlikehaldsoppgåver innan va-sektoren som fylgje av fleire anlegg og nye forsyningsområde

15.4.1 Kommunale utleigebustader

Kommunen har totalt 32 utleigebustader, der 19 tildelast etter «Lov om helse og omsorgstenester» av tenestekontoret i Eining for velferd, og resten tildelast etter gjeldande reglement for utleigebustader av eining for teknisk drift.

Det er avsett 0,45 årsverk, og ei netto budsjetttramme på kr 509.000 til føremålet. Forventa årlege leigeinntekter er kr 1.680.000.

Mål for tenestene

- Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.
- Alle bustadene er til ei kvar tid leigd ut.

Tiltak

- Innføre depositum for leige av kommunale bustader.

Dette kulepunktet vil sjåast i samanheng med tilstandsrapporten for kommunale utleigebustader. Når ein startar oppussing av kommunale bustader vil det vere naturleg å sjå på innføring av depositum og nivå på husleige for desse.

Ein har sett på dette saman med vurderinga av tilstanden på kommunale utleige. Det er viktig å få på plass ei slik ordning så ein kan sikre seg mot at kommunen må ta kostnader dersom ting er blitt øydelagt, reinhald og opprydding ikkje er tilfredstillande ved utflytting av bustad. Denne saka er lagt inn i årshjulet til teknisk for 2023 og skal vere klar til kommunestyremøte høsten 2023.

- Gjennomføre naudsynt vedlikehald innanfor tildelt økonomisk ramme.

Det er eit stort behov for vedlikehald ved mange av dei kommunale utleigebustadane (dei fleste av desse vart bygd rundt 1980) og fleire av dei kommunale tenestebygga, men der er ikkje mogleg å gjennomføre oppussing i større skala innanfor dei økonomisk rammene som eininga har i dag. Dei siste par åra har ein pusset opp noen bustader med ekstra bevilling. Det er ikkje gjennomført noko særleg vedlikehald etter at bygga vart bygd. Det er gjort ei berekning av midlar som er avsatt til vedlikehald dei siste 4 åra og dette har vært omlag 20 kr pr. m². Ein har nå kome til eit punkt kor ein ser at ein svært ofte får kostbare reparasjonar fordi at levetida på til dømes tak, vindauge ol. er langt over forventa levetid.

- Det leggst fram sak om vurdering av tilstand til kommunale utleigebustader innan 2. tertial.

Det er gjort ei kartlegging av tilstanden på dei fleste kommunale bustadane. På bakgrunn av at det er tilsett ein ny avdelingsleiar med erfaring frå byggforvaltning i kommune, har ein valt å avvente oppgåva med å skrive rapport til han startar i oktober. Grunngevinga for å vente at han har ei etterlengta erfaring innanfor fagfeltet og at han kan bygge opp eit system slik han vil ha det.

Ein har gjennomført kartlegging av tilstand for 12 bustader. Det er eit gjennomgåande behov for store oppgraderingar for få ein tilfredstillande standard. På dei bustadane som er vurdert vil det koste mellom 250.000 – 500.00 kr pr. bustad.

15.4.2 Kommunale bygg

Kommunen driv tenesteyting i totalt 13 bygg. I tillegg eig kommunen ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi, der nokre av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokre nyttast til lager og andre står ubruka. Det er avsett 8,7 årsverk, og ei netto budsjettramme på kr 7.265.000.

Loverk

- Plan og bygningsloven
- Forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk (TEK)
- Lov om vern mot forurensingar og om avfall (Forurensingsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)

Mål for tenestene

- Alle kommunale bygg der det drivast tenesteyting er funksjonelle og oppfyller alle lovkrav til utforming
- Andre kommunale bygg vert teken vare på slik at dei ikkje mistar sin funksjonelle, historiske eller kulturelle verdi.
- Alle kommunale bygg skal vere kartlagt med omsyn til potensiale og utfordringar knytt til Enøk og universell utforming.

Tiltak

- Definere behovet for oppgradering av storskulen på Tveit skule ved først å greie ut kva utbetringstiltaka vil koste.
Det er utarbeida eit forslag til utbetringar med kostnadsoverslag. Dette vil bli lagt fram i byggje- og prosjekteringsnemnda i starten av 2023.
- Utarbeide ein langsiktig plan for kommunal bygg
Ein har starta på kartlegging av tilstand og sett på kva som må gjerast framover, men ikkje fått dette inn i ein plan. Dette vil på lik linje med tilstandsvurdering av utleigebustader være noe som ny avdelingsleiar skal prioritere ved oppstart i sin stilling. Ei slik kartlegging av bygningar er svært omfattande og mange av bygga er i dårleg stand. Det er satt opp ei prioriteringsliste på bygningsmassa (ein har så langt sett bort i frå dei bygga kor ein planlegg utredningar). Å få på plass ei slik kartlegging vil krevje omlag 1,5 årsverk. Dette arbeidet skal gjennomførast i tillegg til mange andre faste arbeidsoppgåver og vil derfor ta lang tid.
- Kartlegge behov og etablere gode drift- og vedlikehaldsplanar for alle kommunale bygg i samarbeid med dei som brukar bygga, både tilsette og brukargrupper
Det jobbast med å lage planar for å dokumentere vedlikehald på dei kommunale bygga iht. til lovkrava. Ein jobbar også med å finne eit FDV-program (FDV=Forvaltning, Drift og Vedlikehald)kor ein kan legge inn slike oppgåver. Dette vil gi påminningar om kva som skal gjerast og gi moglegheit for å kunne kvittere ut gjennomførte oppgåver. Ein vil også sjå om det er moglegheit for å lage eit system for vaktmeistermeldingar i Compilo.
- Etablere kjeldesortering i alle bygg.
Krav fra forsikringsselskapet gjer at ein må bygge ein eigen søppelbod som etterlever krava som er satt i forhold til plassering av søppeldunkar rundt bygningar for ikkje få avkorting ved utbetaling ved en eventuell brann.
Krava er;
 1. Avfallsbeholdere skal være fastmontert/fastlåst og minimumsavstand til brennbare bygdingsdeler, vinduer eller åpninger skal være 5 meter.
 2. Brennbare materialer, så som tom emballasje og trepaller som lagres utendørs, skal lagres minst 8 meter fra bygning.

Desse krava gjer det utfordrande å finne ein plass rundt kommunehuset til ein søppelbod som ikkje blir til sjenanse eller kommer i konflikt med nabointeresser. Ein har derfor bedt IATA om hjelp for å finne ei løysing på kjeldesortering på kommunehuset. Ein vil sjå på løysingar på dette våren 2023.

- Sikre alle bygg mot ytterlegare forfall ved å prioritere utvendig vedlikehald.
Teknisk har lagt ein god plan for gjennomføring av utvendig vedlikehald av fleire kommunale bygg i 2023 i samband med dei 300.000,- ekstra ein fikk bevillinga under budsjett handsaminga i desember, samt at mykje av midlane til sommarhjelp vil nyttast til dette. Oppgåver er allereie lagt inn i årshjulet for 2023.
- Utgreie tilstand på bassenget, inklusiv aktuelle enøk-tiltak.
Det er gjort ei utgreiing av eit eksternt firma, og konklusjonen er at bassengkroppen er i relativt god stand men at dei tekniske installasjonane er i ei heller dårleg forfatning. Ei vurdering av oppgradering av bassenget vil bli lagt inn i prosjektet saman med «Storskulen».
- Kommunedirektøren orienterer jamleg til formannskapet om investeringsprosjektet «Storskulen».
Det er gjennomført jamlege oppdateringar gjennom heile 2022 og endeleg rapport leggast fram i starten på 2023.
- Utgreiing av kostnader/alternativ for universell utforming av Tveit skule/Nissedal ungdomsskule og kommunehuset.
Dette ligg inne i prosjektet «Storskulen». Når det gjeld kommunehuset vil ein sjå korleis ein kan løyse ulike utfordringar, kva er lovpålagte krav og kva er ikkje. Nokon tiltak krev ikkje så mykje for å få gjennomført mens noen vil være svært kostnadskrevjande.
- Utgreie betre lysforhold på parkeringsplass på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule/Fleirbrukshuset.
Dette ligg inne i prosjektet «Storskulen»
- Få på plass skilting (parkering forbode) på passasje mellom Kåsa bu- og avlastning og bustadfelt Kåsa/Solli.
Gjennomført.

15.4.3 Kommunale grøntanlegg

Kommunen har store grøntareal, både rundt dei kommunale bygga, i tettstadane, og som idretts- og friluftsområde.

Det er avsett 0,45 årsverk og ei netto budsjettramme på kr 378.000 til føremålet.

Mål for tenestene

- Kommunen sine grøntanlegg skal vere attraktive, funksjonelle og tilgjengelege, og legge til rette for aktivitet og trivsel.

Tiltak

- Etablere og gjennomføre gode vedlikehaldsplanar for alle grøntområde i dialog med dei ulike brukargruppene.
Robotgrasklipparen på idrettsbanen i Treungen har fungert svært bra. Det har blitt lagt ny ledning ut i Nisser for å sikre vassforsyninga til idrettsbanen når Nisser er lågt. Området i Kyrkjebygda har vært vedlikehaldt jamleg.
- Aktivt nytte sysselsettingstiltak som ledd i godt sommarvedlikehald.
Eininga har ein VTO avtale og denne personen nyttas hovudsakleg til sommarvedlikehald på sommaren og vedlikehald på vinteren.

15.4.4 Samferdsel (vegar, plassar og Fjoneferga)

Kommunen har ca. 25 km med kommunale vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningsliner. Vidare driv kommunen Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet. Det er avsett 0,5 årsverk og ei netto budsjetttramme på kr 1.284.000 til føremålet.

Lowverk

- Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven)
- Rettleiar for trafikksikker kommune – utarbeida av trygg trafikk

Mål for tenestene

- Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard heile året.
- Fjoneferga skal ha ei stabil drift heile året.
- Nissedal kommune skal jobbe mot visjonen om 0 drepte og 0 alvorleg skadde i trafikken.

Tiltak

- Avklare mogleg omklassifisering av Fjoneferga til fylkeskommunal ferje.
Det er vedtatt ny båt og ferje strategi og kommunedirektøren har kontakt mot Fylkeskommunen. Det har ikkje vært noen framgang på denne saka i 2022, og den siste tilbakemeldinga frå fylkeskommunen er at vidare utredning av Fjonesambandet fyst kan starte andre halvdel av 2024 og evt. slutførast i 2025.
- Kommunen sin handlingsplan for trafikksikring skal oppdaterast i 2022.
Oppdatering er gjennomført og kommunen vart re-sertifisert som trafikksikker kommune i mai 2022.
- Stille krav i oppdragsomtalar og fylgje opp inngåtte avtalar om vintervedlikehald.
Ein har hatt tett kontakt med entreprenøren som har anbodet gjennom vintersesongen.
- Utgreie behov for tiltak etter erosjonsskader på 2 kommunale bruer/kulverter i Kåsa/Solli og 1 bru på Kleivvegen.
Ein utbetra to kulvertar i Kåsa/Solli sommaren 2022. Stål røyra i begge desse kulvertane var rusta heilt opp og vegen begynte å sige, ein kunne risikere at heile vegen gav etter. Kleivveien er ikkje utbetra.
- Utgreie utbetring av gateljos i huskrullen i Haugsjåsund innan 1. tertial.
Elektrikar er klar for å starte på jobben men ventar på avklaring fra VTK. Arbeidet starter så fort dette er på plass. Det er bestilt graving og ein har bestilt elektrikker som kan installere gateljos. Levering av armatur kan vere utfordrande og oppstart er derfor usikkert ennå.
- Greie ut sak om tømmeanlegg for bubilar
Dette prosjekterast saman med ombygging av renseanlegga i Nissedal og Treungen.
- Etablere løysing for publikumstolett på Sundsodden og Kyrkjebygda
Det vart etablert mellombelse løysingar på begge plassane for sommaren 2022, og dette fungerte bra. I Kyrkjebygda nytta ein toalettet som er på dagens renseanlegg og på Sundsodden nytta ein eit «festival toalett». Det skal etablerast permanente løysingar med universelt utforma toalett på begge plassar. Ein ser føre seg at ein har ei permanent løysing på Sundsodden før sesongen 2023. Når ein ser på Kyrkjebygda sentrum så foreslår ein at ein fortsett med løysinga på renseanlegget til dette skal byggast om, da ein vurderer det området som mest fornuftig for etablering av ein permanent løysing.
- Rullere trafikksikringsplanen
Gjennomført.

15.4.5 Brann- og ulykkeberedskap

Nissedal kommune sin brann- og ulykkeberedskap er organisert med eit brannvesen med 16 brannkonstablar som har ein stillingsprosent på 1,4 % i kommunen. I tillegg er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid, Vest-Telemark brannvesen. Samarbeidet har ein overordna brannmeister med ansvar for førebyggjande arbeid (feiing og tilsyn), og i tillegg står kommunane i dei faglege spørsmåla. Brannvesenet har i dag inga fast vaktordning. Kommunen er også ein del av IUA (interkommunalt utval mot akutt forureining) i Telemark og Sør-Øst 110.

Det er avsett ca. 0,3 årsverk, og ei netto budsjetttramme på kr 1.992.000 til føremålet

Lovverk/regionale føringar/rettleiarar

- Lov om Brann og eksplosjonsvern
- Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen
- Lov om samfunnssikkerhet og beredskap
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet
- Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen, DSB 2014
- Klimahjelperen –en veileder i hvordan ivareta samfunnssikkerhet og klimatilpasning i planlegging etter plan- og bygningsloven, DSB 2015

Mål for tenestene

- Nissedal kommune skal vere ein trygg stad å opphalde seg.
- Nissedal kommune skal til ei kvar tid ha oversikt over risiko for uønska hendingar, og jobbe forebyggjande for å minimere risiko og/eller konsekvensane av slike hendingar.
- Kommunen skal kunne handtere krisesituasjonar slik at skadeverknadane blir minst mogleg.
- Kommunen skal ha ein brann- og ulykkeberedskap som handterer alle akutte hendingar på ein god måte.

Tiltak

- Revidere eksisterande overordna ROS-analyse og beredskapsplan for kommunen med tanke på uønska hendingar som kan inntreffe. Dette i samanheng med punkt under på 5.1 i høve til vurdering av beredskap for heile kommunen.

Ny overordna ROS-analyse ble vedtatt av kommunestyret oktober 2022.

- Ha særleg fokus på kriseleiinga sine oppgåver gjennom evaluering og øving.
Arbeidet med ny overordna beredskapsplan godt i gang, og planlagt ferdigstilt i løpet av våren 2023. Kommunedirektøren har sett ned ei arbeidsgruppe til dette. Prosessen med å bygge opp ein ny beredskapsplan er tidkrevjande, men viktig for å få eit godt planverk og for å få ein beredskapsorganisasjon som er robust og som vil fungere under ei hending.
- Gjennomføre intern ROS-analyse for brannvesenet med omsyn til deira oppgåver og dimensjonering.

Ny ROS-analyse var ferdig hausten 2023, brannmester i Nissedal kom med ein del innspel til analysa. Ein starta opp arbeidet med førebyggjandeanalyse og beredskapsanalyse i desember 2022 også i regi av VTBV. Dette er analyser som er lovpålagt iht. ny forskrift. Leiar beredskap er Nissedal kommune sin representant på beredskapsanalysa, mens brannmester sitter i arbeidsgruppa for førebyggjande analyse. Arbeidet med desse vil er planlagt ferdig våren/sommar 2023

Brannmester i Nissedal kommune meiner at ein nå må sjå på alle lovpålagte krav knytt til drift av brannvesen og vurdere om ein bør inngå eit samarbeid med eit større brannvesen. Brann er eit erfaringsfag og det er viktig å ha tilgang til personell med mykje og god erfaring. Samtidig er det store krav til dokumentasjon og øvingar som krev mykje

oppfølging. Erfaringa frå den store skogbrannen i Jettegrytene sommaren 2022 har frå brannvesenets side styrka ønsket om å vere ein del av eit større brannvesen, og ein håpar at politikarane også kan være med på å sjå nytten av dette.

- Gjennomføring av bygging av ny brannstasjon.
Brannvesenet flytta inn i bygget i slutten av juli, slik at ein var operative frå ny stasjon under Treungfestivalen. Det var stort å få være brannmester å sjå takksemnda frå 16 konstablar som flytta inn, så ein takk til politikarane som har gitt oss ein stasjon som sikrar eit sikkert arbeidsmiljø. Nærare skildring finnes under investeringsprosjekt.
- Slutføre arbeidet med å lukke avvik etter beredskapstilsyn.
Ny ROS-analyse er på plass og ein jobbar med å få overordna beredskapsplan ferdig. Når overordna planverk er på plass vil ein starte arbeidet med å implementere planverket ved hjelp av kurs, gjennomgang og øvingar. Ein robust beredskapsorganisasjon skapast fyrst når alle er godt kjent og fortroleg med sine oppgåver. Målet er at ein skal arbeide for å vere proaktiv, det vil sei at ein responderer så tidleg som mogleg og med nok ressursar i ein beredskapssituasjon. Det skal utarbeidast eit årshjul for beredskapsarbeidet - ein skal ha jamlege øvingar både internt og med eksterne aktørar, samt jobbe kontinuerleg for å førebyggje uønska hendingar.

15.4.6 Vatn og kloakk

Nissedal kommune har ca.1.800 abonnentar knytt til vatn og avløp som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Nissedal kommune har sidan 2015 vore vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia. Tenestene er underlagt prinsipp om sjølvkost, dvs. at brukarane av tenestene (abonnentane) skal finansiere utgiftene.

Det er avsett 4,5 årsverk, ei brutto utgiftsramme på 9 mill.

Lovverk

- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (Matloven)
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)
- Lov om vern mot forurensinger og om avfall (Forurensingsloven)
- Forskrift ogm begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)

Mål for tenestene

- Gjennom gode rutinar for drift, vedlikehald og internkontroll skal kommunen sikre alle abonnentar god kvalitet på drikkevattn og sikre miljøet mot utslepp av kloakk.
- Gjennom nye investeringar sikre at infrastrukturen til ei kvar tid dekker behovet for kapasitet og kvalitet.
- Tenestene skal finansierast av brukarane, dvs. ha 100 % dekningsgrad over tid.
- Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevelling, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

Tiltak

- Tilpasse og vidareutvikle driftsrutinar slik at det til ei kvar tid sikrar levering av gode vass- og avløpstenester.
Arbeidet er starta, men det er tidkrevjande og mengda med investeringsprosjekt og oppfylging av desse gjer at ein ikkje klarer å nytte så mykje tid som ein ynskjer/treng til dette. Ein ser også her etter eit system for å digitalisere på same måte som for kommunale bygg – FDV-dokumentasjon.
- Forbetre system for internkontroll/kvalitetssystem.
Dette er ein omfattande jobb, alt må byggjast opp på nytt for å tilfredstille dagens krav. Ein vil sette fokus på desse oppgåvene i 2023. Det er lagt inn i årshjulet til teknisk.
- Ha spesielt fokus på kartlegging og dokumentering av leidningsnett.
Ein har kjøpt innmålingsutstyr og frå våren 2023 vil ein leige inn ein person med god erfaring til å måle inn og teikne opp ledningskart som manglar og gå gjennom dagens kart.
- Prioritere arbeidet med planlegging av nytt reinseanlegg, slik at det kan stå ferdig så snart som råd.
Ein er nå inne i den siste delen av detaljprosjekteringsfasen og det jobbast med å ferdigstille tilbodsgrunnlaga til dei ulike entreprisane. Ein reknar med at dei fyste entreprisene vil leggjast ut i mars 2023 og at ein kan forvente byggjastart i juni/juli 2023. Utslippsløyva for nytt anlegg er lagt ut på høyring hos Statsforvaltaren med uttalefrist til 15.02.2023.
- Fylgje opp etablering av kommunalt va-nett, der det ligg til rette for det, spesielt utbyggingsområdet Naurak.
Ein er godt på veg med utbygging i området rundt Naurak, men dette har vært eit utfordrande prosjekt. Eksisterande nett har stedevis vært dårleg, og ein har måtte bytte ut delar av detta grunna lekkasjar. Det er også store utfordringar med å kartlegge eksisterande ledningsnett da dette ikkje er dokumentert og det held heller ikkje kommunal standard.
- Evaluere og eventuelt revidere «Vass- og avlaupsplan 2017-2027», ein plan som skal gje føringar for eit målretta arbeid innan va-sektoren.
Grunna ekstremt mange prosjekt innanfor vass og avløpsområdet har ein ikkje hatt muligheit til å starte på revidering av denne. Dei fleste av tiltaka som er satt i planen er allereie gjennomført eller under gjennomføring. Det er satt opp at planen skal reviderast i 2023.
- Prosjektere og bygge nye høgdebasseng i Treungen og Nissedal.
Verden har vert i stor endring dei siste åra og det meste har blitt vesentleg dyrare, dette har gjort til at ein har sett på notatet frå Aplan Viak på etablering av nye høgdebasseng i Treungen og Nissedal. Resultatet er eit nytt notat som har hatt som mål og sjå på korleis ein kan redusere kostnadane. Det vil komme ei eiga sak til kommunestyret på høgdebasseng våren 2023.
- Gjennomføre byggetrinn 4 - Gautefallheia VA. Byggetrinnet gjeld omlegging av leidningsnett frå Gautefall hotell og ned til Gautefall RA.
Gjennomført.

Kompetanseutvikling:

Etter to år med lite aktivitet, ser ein nå at det stadig kjem inn tilbod om kurs ol. Heile VA-avd. var på Driftsassistansens VA-dager i Vrådal i April, og 3 personar deltok på Moldeprosess dagane 2022, som arrangerast av Asplan Viak.

Avdlingsleiar på VA har gjennomført kurs i Gisline.

Det et to nye brannkonstablar er i gang på «Grunnkurs brannkonstabel deltid», dette avsluttes våren 2023.

Det er 4 brannkonstablar på 160-konde kurs (blålyslappen) starter opp i oktober og avsluttast med oppkøring for dei siste i februar 2023. Dette vil betre kapasiteten på Det er sær s viktig å få fleire av mannskapa godkjent for utrykkingskøring sidan dette i dag er ein av dei store utfordringane når alarmen går, og ein ikkje veit kven som kjem.

Sjukefråvær:

Teknisk drift

Det totale sjukefråværet for 2022 er på totalt 6,06% mot 11,8% i 2021. Korttidsfråværet har gått opp med ca. 0,7% sidan 2021, mens langtidsfråværet har gått ned 8,2% frå 2021. Auke korttidsfråværet skyldst nok at ein nå har «fritt» omløp av virus att. Den kraftige nedgangen i langtidsfråværet skyldast at ein i 2021 hadde eit ekstremt mange arbeidstakerar som ble operert og hadde lange sjukemeldingar i etterkant.

Vatn og avløp

For vatn og avløp er det totale sjukefråværet på 2,2% for2022, ein har ingen tal og samanlikne med sidan fråværet tidligare berre har blitt registrert på Teknisk drift. Det er ingen langtidsfråvær på vatn og avløp i 2022. Eininga har generelt lite fråvær.

Kommentar til rekneskapen:

Det er eit totalt meirforbruk i eininga i 2022 på ca. 2,65 millionar.

Straum

I 2022 har straumprisane auka heilt ekstremt, budsjettet for 2022 var på ca. 2,1 mill. Budsjettet vart styrka med 1,7 mill. i 1.tertial og ytleigare 1,5 mill. i 2. tertial. Total kostnad på straum for 2022 vart omlag 7,4 mill.

Vedlikehald av bygg og anlegg

Eininga har store utfordringar med at den økonomisk ramma for vedlikehald av bygg og anlegg er svært låg i forhold til vedlikehaldsbehovet. Det vart i 1. tertial løyva 160.000,- og i 2.tertial løyva ein 150.000,-

Frå 2. tertial i 2022 til årsslutt hadde eit meirforbruk på omlag 360.000,- på innkjøp og reparasjonar som ein ikkje kunne vente med, oversikt er vist i tabell under;

OMRÅDE	SUM
Reparasjon av varmpumpe Treungen BH	106.000,-
Feil på kjøle/fryser NOS	35.000,-
Bytte av lamper	26.000,-
Bytte av rister inngangsparti Fleirbrukshus	30.000,-
Rør til stikkrenner	163.000
TOTALT	360.000,-

Brannvesenet

I forbindelse med skogbrannen ved jettegrytene i juli 2022 fikk brannvesenet store ekstrakostnader. Store delar av desse ble dekt gjennom skjønnsmidlar frå stat og fylke, men ein måtte betale ein eigenandel på ca. 340.000,- . Eininga fekk tilførd kr 3.150.000 for å dekke utgifter til skogbrann. Noko av utstyret som gjekk tapt i brannen er det lang leveringstid på og blir først levert i 2023. Dette gjer til at det blir eit «mindreforbruk» på omlag kr 300.000 i høve til utstyr det er løyva pengar til, men som først blir levert i 2023.

I 2022 så hadde ein ei auke i antal utrykkingar mot 2021 og har fått eit overforbruk på ca. 153.000,- i lønnsutgifter.

Fjoneferja:

I desember måtte motoren på Fjoneferja bytast. Dette var det ikkje teke høgde for i budsjettet og dette gjorde til eit meirforbruk på kr 98.000.

Lønsutgifter:

Totalt sett er det eit meirforbruk på lønspostar i heile eininga (utanom brann) på kr 178.000.

Dei største avvika skriv seg til reinhald på omsorgssenteret (kr 123.000) og administrasjon teknisk (kr 61.000).

Sjølvkost vatn og kloakk:

På vatn blei det inntektsførd 2,4 mill. frå sjølvkostfond, mot budsjettet 0,7 mill. Årsak til dette avviket var at tilkoplingsgebyr blei 1,2 mill. under budsjett auke i rentenivå/-utgifter. Sjølvkostfond vatn utgjer pr. 31.12.22 kr 2.023.000.

På kloakk blei det inntektsførd 1,6 mill. frå sjølvkostfond, mot budsjettet 1,1 mill. Årsak til dette avviket var i hovudsak auke i driftsutgifter urover det som låg i budsjettet på 0,4 mill. og auke i rentenivå/utgifter. Sjølvkostfond kloakk utgjer pr. 31.12.22 kr 0.

15.5 Plan og næring

Denne samanslutninga blei oppretta 01.01.2022. Hovudmålsetjinga med ny organisering er å sjå, og å få eit betre samspel mellom planarbeid, næringsarbeid og arealbaserte kulturaktivitetar. Til eininga er lagt eksisterande interkommunalt plankontor, budsjettert med 6,15 årsverk i 2022, der ei 100 % -stilling er avsett som kommuneplanleggar, kommunalt næringsarbeid med næringssjef i 100 % stilling og utviklingsdelen av kultursjefens arbeidsoppgåver, stipulert til 20 %.

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. For sjølvkostområda oppmåling og byggesak er det eit mål å oppnå 100 % dekningsgrad, dvs at desse tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Felles mål for heile plankontoret

- Legge til rette for bustadbygging og næringsetableringar i samsvar med kommuneplanens hovudmål, jf. pkt. 4.1.5 og 4.2.
- Legge til rette for bygging av fritidsbustader i samsvar med kommuneplanens hovudmål, jf. pkt. 4.2 og 4.3.4.
- Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag gjennom vidare arealkartleggingar av t.d. kulturminne, naturtypar og friluftslivsaktivitetar.
- Syte for rask behandling av alle typar søknader. Ikkje brot på lovfastsett behandlingstid.

Felles tiltak for heile plankontoret

- Tilpasse årsverk til eventuell endring i oppdragsmengde og/eller endra saksbehandlingskrav.

15.5.1 Administrasjon og plan

Tenester/arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Naturmangfaldlova, Forureiningslova, Kulturminnelova, gjeldane kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

Budsjetterte årsverk 2022: 1,10.

Mål for tenestene

- Alltid ha oppdaterte arealplanar.
- Ha nok detaljplanlagde tomter for bustadbygging, med vekt på sentrumsområda Treungen og Kyrkjebygda.
- Yte rett og rask service til alle som etterspør kartbasert informasjon.

Tiltak

- Opplæring og tilrettelegging for ny kommuneplanleggar.
Det er tilsett ny kommuneplanleggar. Han tok til i stillinga 01.september. Opplæring har dels skjedd internt, dels ved nettbaserte kurs/fagsamlingar.
- Innføring av nytt skybasert planregister.
Det nye registeret er etablert og tatt i bruk, sjå arealplaner.no. Arbeidet med å utvide og å ajourføre registeret er godt i gang.
- Ferdigstille del av revidert detaljreguleringsplan *Treungen sentrum nord*.
Planfirmaet AT-skog leverte utkast til plankartet, innan leveringsfristen 01.09.22. Arbeidet som står igjen, og som skal gjerast i eigenregi (planomtale, planføresegner, ROS-analyse) er utsett grunna stort omfang av andre saker.

- Ferdigstille revidert detaljreguleringsplan *Framnes øvre*.
Arbeidet har ikkje hatt så høg prioritet at det av den grunn er leigd inn hjelp. Ny kommuneplan-leggar var fyrst på plass 01.09., og det blei ikkje gjort noko med denne planen i 2022.
- Avklare vidare planprosess *området Jettegrytene*.
Etter at ny kommuneplanleggar var på plass, blei dette arbeidet forsøkt prioritert. Planen blir utarbeidd i eigenregi. Det er laga utkast til plankart og planomtale. Eit planforslag for 1. gongsbehandling i formannskapet måtte derimot utsetjast til 2023.
- Rullere kommunedelplanen for Treungen sentrum, hovudtema lokalisering av ny Tveitsund bru.
Det er utarbeidd planprogram for planrullinga. Dette blei lagt ut til offentleg ettersyn (jf. f-sak 027/22). Ved høyringsfristen til planprogrammet og for innspel direkte til planarbeidet 23.05. var det kome inn ni høyringssvar. 16.06. blei planprogrammet fastsett av kommunestyret (sak 030/22). Den vedtekte framdriftsplanen kunne derimot ikkje haldast. For vurderinga av plasseringsvalet for ny Tveitsund bru er kommunen avhengig av ekstern fagekspertise. Det er avtala hjelp frå Statens vegvesen som vil ha ein nøkkrolle vidare i planprosessen. Denne hjelpa kunne fyrst stillast i utsikt i 2023.

15.5.2 Kart og oppmåling

Tenester/arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikellova.
Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Matrikellova, Eigarseksjoneringslova, gjeldande kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.
Budsjetterte årsverk 2022: 2,95.

Mål for tenestene

- All saksbehandling utan brot på lovfastsett behandlingstid.
- Tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Tiltak

- Opplæring og tilrettelegging for to nye oppmålingsingeniørar.
Det er blitt tilsett to nye oppmålingsingeniør (pr. 01.11.21 og 01.08.22). Opplæringa har dels skjedd internt, dels ved nødvendige kurs, nettbasert eller ved oppmøte.
- Få kommunen autorisert som oppmålingsmynde, nytt forskriftskrav.
Begge dei nye oppmålingsingeniørane er sett på kompetanseløp som vil kvalifisere for nødvendig autorisasjon. Dette vil gå over fleire år.
- Rette opp og supplere i feil/manglande vegadresser.
Tiltaket kunne ikkje prioriterast i 2022, grunna høgt arbeidspress/ manglande arbeidskraft i store delar av året.
- Fortsette innmåling av kommunalt v/a-nett.
- Tiltaket kunne ikkje prioriterast i 2022, grunna manglande arbeidskraft i store delar av året.
- Tilby utarbeiding av tomtedelingsplanar for private.
- Tiltaket kunne ikkje prioriterast i 2022, grunna manglande arbeidskraft i store delar av året.

15.5.3 Byggesaksbehandling

Tenester/arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Forureiningslova, Kulturminnelova, gjeldane kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar. Budsjetterte årsverk 2021: 1,55.

Mål for tenestene

- All saksbehandling utan brot på lovfastsett behandlingstid.
- Tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Tiltak

- Sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt).
Det blei i 2022 internfakturert for 79,50 timar for dette.
- Fylgje opp gjennomførte kontrollar av §-13 reinseanlegg.
Det blei påvist avvik på to av anlegga. Desse er fylgd opp, og avvika er lukka.

15.5.4 Næringsutvikling

Nærings sjefen jobbar tett med næringa og Nissedal næringslag. Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan næring er Strategisk næringsplan for Nissedal, Vedtekter for kraftfond og næringsfond og samarbeidsavtalar med Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Mål for tenestene

- Ha eit oppdatert og ajourført planverk.
- Legge til rette for kompetansearbeidsplassar t.d. via private næringshagar.
- Legge til rette næringsareal for utvikling av kompetansearbeidsplassar.
- Utnytte kompetansen til dei mange hyttebuarane i kommunen.
- Legge til rette for heimekontor og mindre pendling.
- Alle innbyggjarar skal ha tilgang til breiband.
- Gje innbyggjarane eit breiare tilbod innan handel og næring.
- Utvikling av området rundt Jettegrytene.

Tiltak

- Arbeide vidare med avklaring og tilrettelegging rundt Jettegrytene.
Kommunestyret ba før sommaren om at planprosessen rundt Jettegrytene blei prioritert, og utarbeiding av planen i eigen regi er godt i gang. Målet er at planen skal vere heilt ferdig i løpet av vinter/vår 2023.
- Arbeide vidare med søknaden om breiband i kommunen.
Ingen tilbydar svarta på anbodet om utbygging av breiband via 5G og FTB (fast trådløs breiband) eller fiber til Felle våren 2022. I ettertid har det vore dialog mellom Nissedal kommune og Telenor og kartlegging av eksisterande fiber i Nidelva. Håpet er at ein eller fleire aktørar vil leggje inn tilbod om breiband/fiber til Felle når nytt anbod blir lagt ut vinter/vår 2023.
- Samarbeid med Åmli, Froland, Kviteseid og Fyresdal i eit prosjekt om utvikling av Nidelva.
Arbeidsmøta i Nidelvaprojektet heldt fram gjennom 2022, men seinhausten blei det klart at styringsgruppa ynskjer ekstern, profesjonell hjelp til utgreiing under leiing av Visit Telemark. Dette krev politisk forankring og finansiering frå deltakande kommunar på til saman kr. 880 000. Avklaringar om vegen vidare for prosjektet kjem på nyåret i 2023.
- Utarbeide ny strategisk næringsplan.
Planen er at dette arbeidet startar fyrst etter at nytt kommunestyre er på plass hausten 2023.

- Sikre heilårsdrift av Fjoneferja.
Nissedal kommune har eit godt samarbeid med driftsoperatør for å sikre heilårsdrift av ferja når vær og føre tillet dette. Ruteplanen for heilårsdrift er godt innarbeidd, og avtalen om drift og vedlikehald av Fjoneferja blei fornya 01.08.2022, og gjeld fram til 31.12.2026.
- Utgreie deltaking i «Haukelivegen».
Her har det enno ikkje skjedd ei avklaring.
- Masterplan for reiselivet i Vest-Telemark.
Visit Telemark og Mimir har på oppdrag frå Vest-Telemarkrådet starta arbeidet med ein strategi som vil peike på utfordringar, innsatsområde og tiltak som skal løysast i fellesskap i regionen. I Nissedal er det sett ned lokal arbeidsgruppe som arbeidde med dette hausten 2022. Målet er at ferdig strategidokument for reiselivet i Vest-Telemark skal vere klart til politisk behandling før sommaren 2023.
- Utarbeide marknadsføringsstrategi.
Arbeidet med å marknadsføre Nissedal som ein attraktiv kommune å drive næring- og bu i held fram gjennom informasjon og marknadsføring på visitnissedal.no, FB og Instagram. Utarbeiding av strategi for marknadsføring skjer fyrst etter at reisemålsutviklingsprosessen i Vest-Telemark er ferdig i løpet av 2023.
- Utarbeide planen «Nissedal mot 2050 - ein berekraftig reiselivskommune - ein plan for bruk av naturen vår»
Landbruksrådgjevar Audun Aasmundtveit kartlegg og arbeider vidare med ein slik plan.
- Det utgreiast kva som skal skje med kommunal bygningsmasse ved Fjonesundet ved eventuell overtaking av ferjedrifta av fylkeskommune.
Dette er ikkje avklara, men avtalen om utleige av Fjonesundet blei forlenga frå 01.08.2022 til 31.12.2026. Avtalen føreset at leigetakar også driftar Fjoneferja.

15.5.5 Arealbaserte kulturaktivitetar

Utviklingsdelen av kultursjefens arbeidsoppgåver vil knyte seg til planverk som Plan for idrett og friluftsliv, Kulturminneplan (planarbeid under oppstart) og til gjennomføring av tiltak i reguleringsplanar med særleg fokus på fritidsaktivitetar for fastbuande og for reiselivet.

Mål for tenestene

- Ha eit oppdatert og ajourført planverk.
- Vere ein aktør for lokalt næringsliv for auka bruk av natur- og kultur(minne)basert reiseliv. (jf. kommuneplanens punkt 4.2.1, 4.2.2, 4.2.5)
- Utvikle/stimulere tiltak som gir betre folkehelse for innbyggjarane.

Tiltak

- Arbeide for oppretting av rasteplass langs sykkelvegen på Treungenbanen.
Området rundt vasstårnet på Gaukås blei i haust hogd i samband med at det blei hogd for VA-trase. Det er sett i gang eit arbeid med å prosjektere korleis området bør sjå ut, storleik på rasteplass og andre detaljar. Dette blir grunnlag for ein søknad til SVV om støtte til rasteplass ved vasstårnet på Gaukås. Søknaden vil bli sendt i 2023.
- Arbeide for omlegging av sykkelveg-traseen på strekninga Tjørullkroa-Ilekleiv.
Det blei i kommunestyre 15. september vedteke at ein vil byggje ut strekninga frå Tjørullkroa til Ilekleiv til tur-og sykkelløype i samband med at det blir lagt VA-trase på strekninga.
SVV støtta prosjektet med 1,3 mill., og det er søkt om kr 500.000 i spelemidlar til bru. Prosjektet har ei ramme på 4 mill., noko som inneber ein eigenfinansiering på intill 1,4 mill.
- Arbeide vidare med kommunal kulturminneplan.
På grunn av stort arbeidspress har dette arbeidet ikkje fått starta opp.

- Arbeide med søknader om spelemidler knytt til Plan for idrett og friluftsliv. Tilsegn på spelemiddelsøknadane til Treungenbanen tur-og sykkeløype og kunstgrasbanen på sentralidrettsanlegget fekk endeleg tilsegn på årets tildeling. På grunn av korona, har det blitt prioritert anlegg der lag og org. er utbyggjarar. Søknad frå Åmli og Nissedal motorklubb fekk diverre avslag på søknad om støtte til møtelokale.
- Få utarbeidd detaljprosjektering av klatrevegg og treningsssenter i lokstallen. Få utarbeidd detaljprosjektering for gangbru mellom sentrum og Sommarsletta. (Ferdig sept. 2022, finansiert av Vestfold og Telemark fylkeskommune, med totalramme kr 800 000. Kommunestyret må ta stilling til vidare framdrift når detaljprosjekteringa ligg føre. Denne vil også vere grunnlaget for å søke ekstern finansiering.) Arbeidet med detaljprosjektering av klatrehall i lokstallen og bru i sentrum blei nesten ferdig. Det har vore vanskeleg for arkitekten å få entreprenørar til å sette pris på prosjektet. Arbeidet med planen vil bli ferdigstilt i starten av 2023.
- Fange opp og søke støtte frå eksterne finansieringskjelder for ulike aktivitetstiltak i privat eller kommunal regi. Det blei gjennomført eit stort arrangement 17. juni, arrangert av kultur, helse, frivilligsentralen, ungdomsrådet, næringslaget og næring saman med frivillige. Ein stor konsert i sentrum med Odd Nordstoga på dagen og Byting på kvelden. Dagprogrammet var i regi av Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken, og for alle born i skulealder og dei eldste i barnehage, og alle eldre i kommunen. Andre som ville høyre på kunne også kome. På kvelden var det eit stort rusfritt arrangement for ungdom, der det kom ungdom frå heile Vest-Telemark i bussar finansiert av Vest-Telemarkrådet. Til dette arrangementet blei det søkt om eksterne midlar og ein fekk inn (kr):
20.000 frå Nissedal næringslag
50.000 frå Sparebankstiftelsen DNB
50.000 frå Vest-Telemarkrådet
50.000 frå Sparebanken Sør
Kostnaden på arrangementet blei kr 233.000.

Det har blitt jobba med ekstern finansiering av klatrehall i lokstallen, og ein har fått tilsegn på 1,6 mill. frå Sparebankstiftelsen DNB. Det vil bli jobba vidare med finansiering i dette prosjektet.

SVV har støtta ny sykkeltrase frå Tjønnefoss til Ileklev med 1,3 mill.

Kompetanseutvikling:

Som alt nemnd er nytilsette oppmålingsingeniører i gang med nødvendig etterutdanning/kurs for å bli autorisert etter nye krav til kommunal oppmålingsmynde frå 2023, m.a. kurset «Tingsrett», 30 studiepoeng og «Plan- og bygningsrett», 10 studiepoeng.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet for plan og for næring var 3,09 %, alt registrert som korttidsfråvær. Ikkje noko av fråværet er blitt relatert til arbeidsplassen/arbeidsmiljøet for dei tilsette.

Kommentar til rekneskapen:

Lønsutgifter for plankontoret er blitt mindre enn opphavleg budsjett (-17%) fordi ny-tilsettingar har skjedd seinare enn planlagt og fordi ei oppmålingsingeniørstilling ikkje blei erstatta etter naturleg avgang. I høve til korrigert budsjett er det eit avvik på + 3,9 %. Forklaringa er at tidlegare tilsette blei engasjert på timebasis for å halde tritt med saksmengda. Andre utgifter har hatt ein auke på ca. 30 % i høve til opphavleg budsjett, men kom heilt i rute samanlikna med korrigert budsjett. Utgiftsauken skriv seg i hovudsak frå meirutgifter knytt til utstyr til- og opplæring av nytilsette, og til utgifter som varierer med aktiviteten (tinglysingsgebyr, annonser m.m.).

I høve til opphavleg budsjett, kom ansvarsområda for oppmålingssaker og for byggesaksbehandling også i 2022 ut med betydelege meirinntekter. Kommunens budsjetterte gebyrinntekter frå oppmålingsarbeidet, kr 925 000, blei auka med kr 155 000 ved budsjettendring etter 2. tertial. Resultatet blei derimot også langt over dette med samla inntekter på kr 1 351 000.

For byggesaksbehandlinga blei det budsjettert med gebyrinntekter kr 740 000. Sluttresultatet blei her på kr 811 000. For planbehandlingar var gebyrinntektene budsjettert til kr 111 000. Faktiske inntekter blei her kr 131 000.

Både oppmåling og byggesak er underlagt sjølvkost-regime, slik at auka inntekter her ikkje automatisk kan brukast til inndekning av andre budsjettpostar. Det blei frå rekneskapsåret 2021 skjerpa inn at ein ikkje kan ta omsyn til tidlegare års underskot innom desse områda. Frå 2022 er sjølvkostberekningane for desse to områda lagt om slik at også utgiftene knytt til desse fullt ut blir fordelt etter aktivitetsnivået i dei to samarbeidande kommunane. Omlegginga gav eit «positivt» utslag for Nissedal, ved at ein mindre sum enn etter gammal utrekning, måtte avsetjast til fond. Både oppmåling og byggesak kom ut med positiv dekningsgrad, høvesvis 104,8 % og 126,3 %. Ut frå dette blei dei tilhøyrande fondsavsetjingane for 2022 kr 132 396 og kr 320 050. Akkumulert for tidlegare års avsetjingar, er det ved utgangen av 2022 eit sjølvkostfond for oppmåling på kr 721 773 og for byggesak på kr 1 281 404.

Prosjekt Nyskapande vekst i Nissedal blei 2. mai avslutta i si opphavelige form, men etter semje med Nissedal næringslag og fylkeskommunen tok kommunen i siste fase over som prosjekteigar. Fylkeskommunen aksepterte at deira tredje og siste utbetaling til prosjektet blei overført til kommunen og næringsfondet. Føresetnaden var at også kommunen skulle bruke den siste løyvinga avsett til nyskapande vekst til å styrke næringsfondet. I sum gjorde dette at det frå desse postane i 2022 blei avsett kr 700 000 ekstra til fondet. Fylkeskommunen skal innan 01.07.2023 ha orientering om korleis kommunen har forvalta løyvinga.

Av dei mottekne koronamidlane kommunen fekk til støtte for lokalt næringsliv, var det restmidlar på kr 260 000 frå prosjekt som ikkje blei realisera. Også dette blei akseptert avsett til næringsfonds-midlar, og vil bli nytta i tråd med vedtekter for næringsfondet i 2023. I sum

gir desse to momenta grunnlag for eit auka handlingsrom innan næringsarbeidet i 2023, der fondet ved årsskiftet var på kr 1 335 000.

Utgiftspostane under næringsutvikling er i stor grad styrt av løyvingvedtak. Både lønsutgifter og andre utgifter har halde seg innanfor budsjetterte midlar.

Det blei løyvd kr 1 500 000 i lokal straumstøtte til næringslivet. Formelt var denne løyvinga formannskapet sitt ansvar, men næringsssjefen både saksførebudde- og har administrert utbetalingane, i 2022 kr 150 000. (Budsjettmessig låg denne løyvinga under felles).

Heilt mot slutten av året blei løyving til prosjekt utbygging av breiband i kommunen overført til VTK (2 mill.). Dette var midlar som var avsett på fond. Men dette var ikkje innarbeidd i budsjettet. Dermed blei det eit avvik både på overføring av midlar og bruk av fondsmidlar på 2 mill. Men dette er meir å sjå som eit «teknisk avvik».

På ulike driftspostar på næringsadministrasjon (juridisk bistand m.a.) er det ei overskriding i høve til budsjett på kr 35.000. I tillegg er det gjort ein budsjett-teknisk feil i samband med budsjettjustering som reduserer driftsbudsjettet på næring med 32.000. Dermed framstår næringsadministrasjon med eit meirforbruk på 67.000.